
Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

**St. meld. nr. 70.
(1966—67)**

Norsk kulturfond — Årsmelding 1966.

Innhald:

	Side
KAP. I. ORGANISASJON OG VERKSEMD	7
<i>Rådets samansetning 1965—68</i>	7
<i>Vedtekter for Norsk kulturfond</i>	7
<i>Retningslinjer for bruken av fondsmidler</i>	8
<i>Arbeidsorgan og arbeidsfordeling</i>	8
<i>Møte i Rådet</i>	8
<i>Andre møte og konferansar</i>	8
<i>Utval og utgreiingar</i>	9
<i>Samarbeid med andre institusjonar</i>	9
<i>Innstillinger og fråsegrer til Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1966</i>	10
<i>Reiser</i>	10
KAP. II. KOORDINERING MED STATSBUDSJETTET	11
KAP. III. TILSKOTT	12
<i>Innleiing</i>	12
<i>Søknadsoversyn</i>	13
<i>Litteratur</i>	13
<i>Musikk</i>	19
<i>Biletkunst og brukskunst</i>	22
<i>Film</i>	25
<i>Kulturvern</i>	27
<i>Kulturbrygg</i>	29
<i>Tidsskrift og periodiske publikasjonar</i>	31
<i>Andre formål</i>	32
KAP. IV. ADMINISTRASJON	33
KAP. V. ØKONOMISK SAMANDRAG	34
<i>Landsdelsoversyn</i>	36

VEDLEGG NR. 1—8

Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

**St. meld. nr. 70.
(1966—67)**

Norsk kulturfond — Årsmelding 1966.

*Tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 21. april 1967,
godkjent ved kongeleg resolusjon same dag.*

(Målбoren av statsråd Kjell Bondevik.)

I St. prp. nr. 130 for 1964—65 Om vedtekter for Norsk kulturfond og retningslinjer for bruken av fondsmidlar, heiter det i punkt 1, Vedtekter for Norsk kulturfond, § 5, at «Kirke- og undervisningsdepartementet skal hvert år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds virksomhet i foregående budsjettår».

Ved brev av 10. februar 1967 har Norsk kulturråd sendt melding for 1966 til Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Årsmeldinga har fem kapittel og eit oversyn over korleis tilskotta fordeler seg på dei ymse landsdelar. Rådet gjer greie for dei retningslinene som ligg til grunn for arbeidet i rådet, dei røynslene som er gjort og korleis midlane frå fondet i 1966 er fordelt.

Hovudfordelinga av fondsmidlane blir fastsett ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå rådet, medan tilskott av dei avsette rådveldesummane blir sendt departementet til godkjenning. Denne ordninga er mellom anna kome i stand for å samordne stønadstiltak frå fondet med statsbudsjettet.

Administrasjonen i Norsk kulturråd er i 1966 bygd ut med dei stillingane som er oppretta, og som er nemnde i St. meld. nr. 91 for 1965—66. Det er tilsett direktør på åremål fram til september 1971. Kulturrådet har såleis hatt sitt første fulle arbeidsår med ein organisert administrasjon.

Kulturrådet har i samsvar med retningslinene sett i gang ei rekke utgreiingstiltak ved ad hoc-utval og faste utval. Rådet nemner i den samanheng utgreiingane om tiltak for å fremje norsk biletkunst og norsk litteratur i utlandet. Departementet meiner at slike utgreiingar innanfor større sakområde er naturlege, men dei bør ikkje binde rådet til stønadstiltak. Når det gjeld utgrei-

ingar på sakområde som har fast årleg stønad over statsbudsjettet, bør det av fondsmidlar gjevast stønad til berre særtiltak.

Om Rikskonsertverksemda seier rådet i årsmeldinga at spørsmålet om tilskott over statsbudsjettet bør vurderast i samband med statsbudsjettet for 1970. Kyrkje og undervisningsdepartementet har meint at ein prøvedriftsperiode for Rikskonsertane bør setjast til 3 år, slik at prøvedriften skal gjelde i budsjettterminane 1968, 1969 og 1970. Spørsmålet om ei overføring til statsbudsjettet vil derfor først bli aktuelt i samband med førebuing av statsbudsjettet for 1971. På grunnlag av dei røynsler ein vinn i prøveperioden vil departementet vurdere om det då bør takast opp framlegg om overføring av Rikskonsertane frå Kulturfondet til statsbudsjettet. Departementet viser i denne samanheng til St. meld. nr. 91 for 1965—66.

Festspela i Nord-Noreg har i 1965 og 1966 hatt stønad frå fondet, og rådet har òg gitt tilslagn om stønad for 1967 som lekk i ein prøveperiode. Rådet meiner at ein no må avgjere om tiltaket er så verdfullt at det bør ha árviss statstilskott. Ut frå dette har rådet teke opp med departementet spørsmålet om overføring av tilskottet til Festspela i Nord-Noreg til statsbudsjettet frå og med 1968. I reglementet for fondet er det sett som føresetnad at stønad av fondsmidlar skal utløyse lokale løvyingar, og rådet peiker på at det bør vere ein klar føresetnad for overføring til statsbudsjettet at fylke og kommunar i Nord-Noreg er viljuge til å stø festspelarrangementet. Departementet vil vurdere dette framlegget nærmare i samband med budsjettet for 1968.

Kulturfondet har i 1966 gitt tilskott til Norsk Bygdekino A/S. På bakgrunn av den

Årsmelding 1966 fra Norsk kulturråd.

vanskelege stode som Norsk Bygdekino A/S var kome i, bad Kyrkje- og undervisningsdepartementet i 1966 rådet om å gi ei vurdering av den verksemda som selskapet driv. Departementet bad vidare rådet vurdere om det av fondsmidlar kunne gjevast stønad til drifta av selskapet medan utgreininga gjekk føre seg. Rådet sette ned eit utval til å vurdere Norsk Bygdekino A/S og har i 1967 løyvt kr. 290 000 til selskapet.

Når det gjeld innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur har Stortinget i 1966 godkjent at ho — med nokre justeringar — skal gjelde til og med 1968, som ei prøveordning. Rådet gjer i årsmeldinga greie for dei justeringane som er gjort, og viser elles til si «Innstilling om støtteordning for norsk skjønnlitteratur etter 1. januar 1967», som låg til grunn for vedtaket i Stortinget.

Når det gjeld dei retningslinene som skal gjelde for forfattarar som ikkje kjem med i den automatiske innkjøpsordninga, meiner departementet at iverksetjinga og resultata av denne skipnaden bør vurderast nøyne. Departementet legg elles vekt på at det er sett ned eit appellutval for forfattarar som ikkje automatisk kjem med i innkjøpsordninga.

I samsvar med det som er uttalt i Innst. S. nr. 36 (1966—67) har Kulturrådet gjort framlegg om desse endringane for 1967:

- Skjønnlitteratur skal klassifiserast i gruppe roman, novelle, lyrikk og skodespel.
- Antologiar som er samansette av stykke frå fleire forfattarar skal haldast utanfor innkjøpsordninga.

Departementet har ikkje noko å merke til desse endringane.

I «Innstilling om støtteordning for norsk skjønnlitteratur etter 1. januar 1967» har rådet nemnt at det ville vere ønskjeleg med ei kultursosiologisk etterrökjing om dei generelle verknader av innkjøpsordninga og ein statistikk over utlånet av presentasjonseksemplara.

Departementet meiner det er nyttig at ein får sett i verk slik granskning. Departementet går ut frå at rådet i årsmeldinga for 1967 legg fram ei vurdering av dei røynslene som til då er innvunne, slik at Stortinget kan drøfte dei retningslinene som skal gjelde for stønadsordninga for norsk skjønnlitteratur i 1969.

Løyvinga over statsbudsjettet til kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg på kr. 600 000 vart frå 1966 ført over til Kulturfondet. Rådet har sendt departementet ei innstilling om stønaden til kunstnarleg utsmykking. Rådet gjer her framlegg om at ein prosentvis del av byggjesummen til nye statsbygg bør setjast av til kunstnarleg utsmykking, medan eldre statsbygg og andre offentlege nye og eldre bygg og anlegg kan gjevast stønad frå kulturfondsmidlar. I årsmeldinga seier rådet at fondsmidlar òg bør nyttast til utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg.

Departementet vil få dette framlegget nærmare vurdert. Ein har likevel ikkje noko å merke til at det òg blir brukt midlar i samband med kommunale og fylkeskommunale bygg under den føresetnad at det òg frå lokalt hald blir ytt midlar til utsmykking.

Etter at omsetningsavgifta på bøker og vekeblad fall bort frå 1. april 1967, må § 1 i vedtekten for Kulturfondet endrast. Departementet vil gjere framlegg om ny § 1 i vedtekten for Norsk kulturfond i budsjettproposisjonen for 1968.

For 1966 vart det løyvt 15 mill. kroner til Norsk kulturfond. Løyvinga var ved utgangen av 1966 gitt som tilskott eller avsett til desse føremåla:

Litteratur	kr. 4 700 000
Musikk	» 1 100 000
Bildende kunst	» 1 450 000
Kulturvern	» 1 200 000
Kulturbygg	» 4 900 000
Film	» 400 000
Tidsskrift	» 400 000
Andre føremål	» 275 000
Utvil og utgreningar	» 75 000
Administrasjon	» 500 000
<hr/>	
I alt kr. 15 000 000	<hr/>

Kyrkje- og undervisningsdepartementet

tilrår :

Avtrykk av tilråding frå Kyrkje og undervisningsdepartementet av 21. april 1967 om Norsk kulturfond — Årsmelding 1966, vert sendt Stortinget.

Vedlegg.

NORSK KULTURRÅD

Årsmelding 1966

Kap. I. Organisasjon og verksemd.

KAP. I.

Norsk kulturråd legg med dette fram si andre årsmelding, i samsvar med det som er fastsett av Kyrkje- og undervisningsdepartementet (St. prp. nr. 130, III, C, Om anvendelse av Kulturfondets midler):

«Ved begynnelsen av hvert budsjettår fremmes melding til Stortinget om Kulturfondets virksomhet i det foregående år.»

Oversyn over avsetjingar og tilskott er gitt i Kap. III.

Rådets samansettning 1965—68.

Norsk kulturråd er oppretta i samsvar med St. prp. nr. 1, Tillegg nr. 1 for 1964—65. Det har 7 medlemmer oppnemnde ved kongeleg resolusjon og 4 medlemmer oppnemnde av Stortinget, alle for 4 år.

Oppnemnde ved kongeleg resolusjon:
Ekspedisjonssjef Leif J. Wilhelmsen, Oslo.
Varamann: Museumsdirektør Reidar Kjellberg, Oslo.

Pianisten Kjell Bækkelund, Oslo.

Varamann: Teatersjef Arild Brinchmann, Oslo.

Forfattaren Thorbjørn Egner, Oslo.

Varamann: Magister Lars Roar Langslet, Oslo.

Teatersjef Hans Heiberg, Oslo.

Varamann: Lektor Torild Skard, Oslo.

Arkitekt Torbjørn Rodahl, Oslo.

Varamann: Brukskunstnaren Per Hætta, Karasjok.

Målarinna Inger Sitter, Paris. (frå 1. sept. 1966: Oslo.)

Varamann: Redaksjonssekretær Simen Skjønsberg, Oslo.

Forfattarinna Halldis Moren Vesaas, Ytre Vinje.

Varamann: Redaktør Per Håland, Bergen.

Oppnemnde av Stortinget:

Dosent Kjell Bondevik, Bergen.

Varamann: Lektor Olaf Kortner, Oslo.

Høgskolerektor, professor Edvard Bull, Trondheim.

Varamann: Rektor Kjølv Egeland, Stavanger.

Sjefsekretær Bjartmar Gjerde, Oslo.

Varamann: Fru Thora Vaa, Rauland.

Målaren, rektor Håkon Stenstadvold, Oslo.

Varamann: Forfattarinna Elisabeth Doréd, Halden.

Formann oppnemnd ved kongeleg resolusjon: ekspedisjonssjef Leif J. Wilhelmsen.
Viseformann oppnemnd ved kongeleg resolusjon: pianisten Kjell Bækkelund.

Etter 1. oktober 1965 er Kortner gått inn som medlem av Rådet, då statsråd Bondevik har meldt frå til Stortingets presidentskap at han som statsråd ikkje møter i Rådet.

Vedtekter for Norsk kulturfond,
fastsette av Stortinget 19. juni 1965.
(omsette frå St. prp. nr. 130, 1964—65)

§ 1.

Norsk kulturfond som er skipa i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964, har til formål å fremje kunst og kulturvern. Stortinget løyver kvart år midlane til fondet, og føresetnaden er at løyvinga minst skal svare til inntektene av omsetningsavgifta på periodiske publikasjonar.

§ 2.

Norsk kulturfond har til formål å stimulere skapande åndsliv i litteratur og kunst, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogleg skal få del i kulturgoda.

§ 3.

Midlane til Norsk kulturfond blir forvalta av Finansdepartementet, og disponerte ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, og i samsvar med retningsliner som Stortinget har fastsett.

§ 4.

Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling av fondsmidlane og har ansvaret for dei summar som ved fordelinga blir stilte til rådvelde for Rådet.

§ 5.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet skal kvart år gi melding til Stortinget om Norsk kulturfonds verksemd i budsjettåret før.

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

**Retningslinjer for bruken av midlar frå
Norsk kulturfond.**

Ramma for verksemda til fondet er kunst og kulturvern.

Dei tiltak som Rådet gjer, bør ha det doble siktemålet å stimulere kunsten og kulturvernet, og samstundes gjere kunst- og kulturverdiane tilgjengelege for så mange som råd er. Innanfor denne ramma må Rådet til kvar tid vurdere kva for oppgåver som bør prioriterast.

Det er føresetnaden at Rådet skal leggje særskild vekt på:

- a. Tiltak til å fremje norsk litteratur. Det er utarbeidd særlege reglar for bruk av midlar til slike tiltak.
- b. Tiltak til å fremje norsk musikkliv.
- c. Tiltak til å fremje norsk bilettekunst, og kjøpe inn bilettekunst til offentlege kunstsamlingar og til offentleg utsmykking.
- d. Tiltak til å fremje norsk filmkunst.
- e. Tiltak til å skape betre utdanningsvilkår for norske kunstnarar, såleis òg betre høve til vidare utdanning.
- f. Kulturverntiltak, såleis òg vern av samisk kultur.
- g. Stønad til finansiering av kulturygg.
- h. Tiltak som er med og skaper eit rikare kulturmiljø i bygd og by, og ei vakrare utforming av omgivnaden vår.
- i. Tiltak som kan gi lettare tilgjenge til god kunst og skape auka skjønsemrd for dei verde den gir.
- j. Initiativ og stønad til større kulturelle eingongstiltak, som t. d. kunstnarlege innslag i nasjonale jubileum og minnehøgtider, og større eingongsturnéar frå kunstinstitusjonar.

Arbeidsorgan og arbeidsfordeling.

Arbeidsutvalet har som i 1965 vore:

Leif J. Wilhelmsen, Kjell Bækkelund, Torbjørn Rodahl, Håkon Stenstadvold og Halldis Moren Vesaas.

Varamenn: Thorbjørn Egner og Bjartmar Gjerde.

Arbeidsutvalet har hatt 8 møte:

11. januar, 23. februar, 25. mars, 15. juni, 26. august, 29. september, 4. november, 6. desember.

Arbeidsutvalet har på møte avgjort mindre tilskottssaker (under kr. 15 000) innanfor ramma av budsjetterte avsetjingar, og har elles førebudd saker for Rådet.

Dei einskilde medlemmer av Arbeidsutvalet har på same måte som i 1965 teke på seg å førebu saker i samarbeid med administrasjonen og å gi tilråding til Rådet om vedtak og løyvingar.

Saker som gjeld litteratur har vore førebudde av dei ymse litteraturutval (sjå avsnittet nedanfor, Utval og utgreingar).

Møte i Rådet.

Rådet har hatt i alt 12 møte:

17. januar, 7.—8. mars, 28. mars, 4.—5. mai, 27.—28. juni, 29. august, 17. oktober, 15. november, 15. desember.

Til møta 4.—5. mai var varamennene innkalla. Rådet vil instituere som praksis å kalle inn varamennene til eitt møte kvart år.

Møta 27.—28. juni vart haldne på Utstein kloster ved Stavanger og kombinert med omvisingar i Stavanger Kunstforenings galleri (nybygget), Rogaland Teater og Ledaal. Rådet vil så langt råd er freiste å halde eitt av møta kvart år utanfor Oslo.

Til møtet 15. november var innbedne representantar for Norsk Sameråd og andre sakunnige i samiske kulturspørsmål. Møtet drøfta den samiske kulturstoda og konkrete tiltak for samisk kultur (sjå avsnittet nedanfor, Samarbeid med andre institusjonar).

På møtet 17. oktober var sjefen for Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet, dr. Erling Christophersen, til stades. På dette møtet drøfta Rådet retningsliner for arbeidet for norsk bilettekunst i utlandet.

Ekspedisjonssjefen i Kyrkje- og undervisningsdepartementets kulturavdeling er beden til alle møte i Rådet.

Andre møte og konferansar.

- 1) I dagane 4.—6. oktober arrangerte Norsk kulturråd ein konferanse på Voksenåsen ved Oslo om emnet: Metodar og virkemidlar for statsstønad til litteratur, kunst og kulturvern.

Statsråd Kjell Bondevik opna konferansen. Forutan rådsmedlemmer møtte representantar for det statlege kulturarbeidet frå Danmark, Finland og Sverige.

(Liste over deltakarane i konferansen følger som vedlegg nr. 1).

Den islandske ambassaden i Oslo sende ein observatør til konferansen. Riksantikvaren, Bibliotekdirektøren og representantar for Kyrkje- og undervisningsdepartementets kulturavdeling var med som observatørar.

- 2) 25. oktober var det eit fellesmøte mellom arbeidsutvalet i Rådet og styret i Norges almenvitenskapelige forskningsråd om saker som ligg på grenseområdet mellom dei to råd. Denne gongen tok ein særleg opp til drøfting kulturhistoriske tidsskrift og forskning på det kultursosiologiske og estetiske området.

Årsmelding 1966 fra Norsk kulturråd.

Utval og utgreiinger.

A. Utval med medlemmer utanfor Rådet, godkjende av departementet i samsvar med reglementet (§ 3).

a. Faste utval:

1) *Det faglege utval for litteratur:*

Teatersjef Hans Heiberg, formann, bibliotekdirektør Anders Andreassen, adm. direktør Erling Fjellbirkeland, sekretær: konsulent Harald Brinchmann.

2) *Utvalet for utgiving av eldre norsk litteratur:*

Professor Edv. Beyer, formann, professor Johs. A. Dale, professor Harald Noreng, professor Hans Midbøe, sekretær: førstebibliotekar John Dahl.

3) *Sakkunnig komité for materialfondet:*

Bjartmar Gjerde, formann.

Medlemmer valde av Bildende Kunstneres Styre: Chrix Dahl, Stinius Fredriksen, Irma Salo Jæger.

4) *Utval for utgiving av norsk musikk i noter og/eller på plater:*

Kjell Bækkelund, formann, komponisten Klaus Egge, konsertmeister Ernst Glaser, komponisten Arne Nordheim, direktør Egil Monn-Iversen.

Av desse utvala er Utvalet for utgiving av norsk musikk nytt. Mandatet følgjer som vedlegg nr. 2.

5) *Utvalet til vurdering av søknader om produksjonstilskott til biletbøker:*

Thorbjørn Egner, formann, målaren Chrix Dahl, førstebibliotekar Astrid Feydt.

b. Mellombelets utval:

1) *Utvalet for høgre utdanning av kunstnarar:*

Torbjørn Rodahl, formann, arkitekt Preben Krag, teatersjef Arild Brinchmann, komponisten Klaus Egge, målaren Alf Jørgen Aas, sekretær: redaktør Jostein Nyhamar.

2) *Utvalet til sikring av høgt prioriterte fornminne:*

Professor Anders Hagen, Bergen, formann, førstekonservator Sverre Marstrander, Trondheim, konservator Povl Simonsen, Tromsø, konservator Oddmund Møllerop, Stavanger, førstekonservator Arne Skjølvold, Oslo, som også er sekretær for utvalet.

3) *Utvalet for norsk litteratur i utlandet:*

Hans Heiberg, forlagsdirektør Arthur Holmesland, forfattaren Odd Bang-Hansen, lektor Carl Hambro, dr. philos. Max Tau. Utvalget skal greie ut kva som kan gjerast til å styrke arbeidet for norsk litteratur i utlandet.

4) *Utvalet for norsk biletkunst i utlandet:*

Inger Sitter, Håkon Stenstadvold, direktør Erling Christophersen.

Utvalet fekk i oppdrag å forme ut framlegg til mandat og peike ut utgreiingsmann for ei tilråding. Mandatet følgjer som vedlegg nr. 3.

- 5) *Utval som skal gi tilråding om Norsk Bygdekino, om organisatoriske og andre tilhøve i samband med spreiling av spelefilm i grisgrende strok, om spelefilm av litterær eller kulturhistorisk verdi til skolane, og om filmkunnskap i skolane:* Bjartmar Gjerde, formann, Olaf Kortner, underdirektør Gunnar Germeten, filmkonsulent Sigurd Weisæth, filmkonsulent Jon Stenklev, filmprodusent Carsten E. Munch, sekretær i Nord-norsk kulturråd, Victor Nøstdal, formann i Hordaland fylkesopplysningsråd Arna Folkedal.

Mandatet for utvalet følgjer som vedlegg nr. 4.

B. Interne rådsutval (medlemmer eller varamenn):

a. Faste utval:

1) *Utvalet for periodiske publikasjonar:* Simen Skjønsberg, formann, Halldis Moren Vesaas, Håkon Stenstadvold.

b. Mellombelets utval:

1) *Utvalet for rikskonsertar:*

Kjell Bækkelund, formann, Bjartmar Gjerde, Kjølv Egeland, sekretær: konsulent Gunnar Nessing.

2) *Utval som skal utarbeide framlegg om retningsliner for tildelingar til kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg:*

Wilhelmsen, Stenstadvold og Rodahl. Dei to siste utvala har levert innstilling til Rådet. Rådet har sluttat seg til innstillingane, som er sende Kyrkje- og undervisningsdepartementet. (Sjå kap. III, Musikk, og Biletkunst.)

Utgreiing og analyse av bokomsetnad, boklån og lesing.

I samsvar med det som er sagt i Innstilling om støtteordning for norsk skjønnlitteratur etter 1. januar 1967 har Rådet vendt seg til Sosiologisk Institutt ved Universitetet i Oslo og Institutt for anvendt samfunnsvitenskapelig forskning for å få sett i gang ein analyse av bokomsetnad, boklån og lesing. Rådet vil setje til side pengar til dette formålet av løvinga for 1967.

Kulturnemnda i Mo i Rana og Sosiologisk institutt ved Universitetet i Oslo har vendt seg til Rådet om stønad til ei kultursosiologisk undersøking i Mo i Rana. Rådet reknar med å bruke kr. 20 000 på budsjettet 1967 til denne utgreiinga.

Årsmelding 1966 fra Norsk kulturråd.

Samarbeid med andre institusjonar.

Norges almenvitenskapelige forskningsråd.

Som i 1965 er det òg i 1966 på initiativ frå Kulturrådet halde eit møte mellom Rådet og styret i NAVF. Forutan arbeidsutvalet møtte frå Kulturrådet: Kortner og Kjellberg. I tillegg til prinsipielle drøftingar om arbeidsfordelinga mellom råda drøfta møtet ei rad konkrete søknader, og gjorde avtalar om kva for eitt av dei 2 råd som skulle overta vidare handsaming av sakene. (Sjå elles årsmelding for 1965.)

Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet.

Kontorets sjef, direktør Erling Christoffersen, har vore til stades under drøftingar i Rådet av arbeid for norsk bilet kunst i utlandet. Eit utval med han og 2 medlemmer i Rådet, Håkon Stenstadvold og Inger Sitter, har forma ut mandat for ei utgreiing og framlegg om tiltak. Denne utgreiinga vil bli framlagd i 1967.

Arbeidet for norsk litteratur i utlandet (sjå Utval og utgreiingar) vil bli gjort i kontakt med Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet.

Av fondsmiddel har Rådet kosta ein modell av Osebergskipet (3 m) til bruk ved utstillingar som Kontoret arrangerer i utlandet. Rådet har teke atterhald om at modellen òg skal bli brukt i utstillingsverksem i Noreg.

Riksantikvaren.

På rådsmøte 4. mai d. å. gav Riksantikvaren ei utgreiing med lysbilete om aktuelle oppgåver innan Riksantikvarens arbeidsområde.

Søknader som gjeld restaurering av freda bygg og anlegg, blir sende Riksantikvaren til fagleg vurdering og fråsegn.

Riksantikvaren får òg høve til å gi si prioritering av søknadene.

Norske kunst- og kulturhistoriske musé. Fylkeskonservatorane.

I dei fylka der det er tilsett fylkeskonservatorar, får desse søknader frå folke- og bygdemusé (eller private musé) til fråsegn.

Norske kunst- og kulturhistoriske musé får oversyn over søknader om tilskott til ekstraordinære tiltak ved musé, og høve til å gi fråsegn.

Meldingar om tilskott gitt av fondsmiddel blir sende til styret.

Statens bibliotektilsyn.

Bibliotekdirektøren er fast medlem av det faglege utval for litteratur.

Bibliotektilsynet har gitt tilråding til Rådet om fordeling av dei kr. 100 000 som ved

kongeleg resolusjon av 29. april vart avsette til innreiing av bibliotekbygg.

Bibliotektilsynet har òg gitt tilråding om å skjere ned talet på einskilde bibliotek i kvar kommune som får presentasjonseksemplar (jfr. årsmelding for 1965), og gitt tilråding om tilskott til bibliotek som vil arrangere kulturveldar med opplesing av forfattarar o. a.

Vidare har Bibliotektilsynet gitt tilråding om fordeling av dei kr. 100 000 som ved kongeleg resolusjon vart avsette til bokkjøp til sentralbibliotek som driv bokbil, og om fordeling av løyving til kulturveldar i biblioteka.

Norsk sameråd.

15. november 1966 heldt Rådet eit møte med representantar for Norsk sameråd og andre som har innsikt i samiske kulturoppgåver. Norsk sameråd vil òg naturleg bli rådgivande organ for Norsk kulturråd når det gjeld samiske kulturspørsmål.

Innstillingar og fråsegner til

Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

1. Årsmelding for 1965
2. Innstilling om fordeling av løyving til Norsk kulturfond 1966.
3. Innstilling om tiltak til å fremje norsk litteratur og prinsipp for stønad til norsk skjønnlitteratur frå 1. januar 1967.
4. Fråsegn om Eidsvollsmonumentet.
5. Innstilling om prøveverksem med Riks-konsertar.
6. Fråsegn om Norsk Bygdekino.
7. Innstilling om kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg.

Reiser.

Formannen representerte Norsk kulturråd på møtet i Nord-norsk kulturråd i Bodø i september.

Viseformannen representerte Rådet under Festspela i Nord-Noreg i juni 1966.

Halldis Moren Vesaas representerte Rådet ved 100-årsjubileet for Tryggve Andersen i Ringebu i september, og ved 100-årsjubileet for Sigbjørn Obstfelder i Rogaland Teater, Stavanger i november.

Konsulent Harald Brinchmann var med på «Backåkrasymposiet» i Ystad, Sverige, mai 1966, om emnet: Linguistic Barriers and Literary Exchange in Europe.

Direktør Ingeborg Lyche var med på møte i Stockholm 19. november med rundebordskonferanse om utviklinga av det statsstøtt kulturtilbodet til distrikta, først og fremst teatret, musikken og utstillingsverksemda.

Kap. II. Koordinering med statsbudsjettet.

I årsmeldinga for 1965, Kap. II, har Rådet drøfta oppgåvefordelinga mellom statsbudsjettets kulturkapittel (kap. 350—378) og Norsk kulturfond. Rådet minnte om at frå 1. januar 1966 vart det ført over postar frå statsbudsjettet til Kulturfondet på til saman kr. 954 600. Rådet gav uttrykk for at det ville vere naturleg om denne innsparinga i visse høve hadde vore brukt til å styrke dei vedrørte kapitla på statsbudsjettet.

I sine merknader til årsmeldinga for 1965 seier departementet at det er samd i at løyingane til Norsk kulturfond må komme i tillegg til statsbudsjettet, men understrekar at løyingane til kulturformål over statsbudsjettet må sjåast under eitt, og at ein difor ikkje for sterkt må feste seg ved ein skilde postar under ymse kapittel.

I Innst. S. nr. 36 Tilråding om Norsk kulturfond, Årsmeldinga for 1965 understrekar Kyrkje- og undervisningsnemnda føresetnaden om at løyingane til Norsk kulturfond må komme som tillegg til statsbudsjettet. Det hindrar ikkje at det kan vere postar på statsbudsjettet som det kan vere naturleg å føre over til Kulturfondet, eller at tiltak som er komne i gang med støtte av Kulturfondet, kan førast over til kultur-budsjettet. Nemnda går ut frå at dei overføringer som er gjorde mykje er ein naturleg grenseoppgang og ein eingongsoperasjon, og at det snautt vil by på problem i framtida.

Rådet vil her gjerne minne om det som vart peika på i årsmeldinga for 1965: Ei rekke oppgåver som kjem fram i søknader og framlegg, kan ligge på grensa mellom verksemda i Norsk kulturfond og andre institusjonar, eller på grensa mellom fondet og statsbudsjettet. I slike høve tek Rådet kontakt med Kyrkje- og undervisningsdepartementet eller Utanriksdepartementet eller med vedkommande institusjon og drøfter saka, eventuelt med sikte på å få til eit samarbeid. Dette kan t. d. vere saker som gjeld kunstnarleg samkvem med utlandet.

Som særskilde oppgåver har Rådet teke opp arbeidet for norsk litteratur og for norsk bilet-kunst i utlandet, og vil her arbeide i kontakt med Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet. (Sjå òg kap. I, Samarbeid med andre institusjonar).

Når det gjeld nordiske kulturelle samarbeidstiltak, viser Rådet til Nordisk kulturfond og til statsbudsjettets kap. 392, Nordiske samarbeidstiltak. I ein skilde høve kan det likevel vere rimeleg å gi tilskott frå Norsk kulturfond, vi viser t. d. til det nordiske seminaret Skolen og litteraturen (sjå kap. III, Litteratur, pkt. 8).

I dei ein skilde tilskottskapittel i denne årsmeldinga vil Rådet gjere greie for tilhøvet til statsbudsjettet og drøftingar med departementet. Det gjeld t. d. under kap. om Músikk, spørsmålet om tilskott til Festspela i Nord-Noreg, og framlegg get om Rikskonsertar.

Festspela i Nord-Noreg har hatt tilskott frå fondet i 1965 og 1966, og Rådet er budd på å gi tilskott i 1967 òg. Men då bør prøveperioden vere over, og ein må avgjere om tiltaket er så verdfullt at det bør ha árvissat statstilskott. Ei anna sak er at det bør vere ein klår føresetnad at fylke og kommunar òg er viljuge til å gi tilskott. Dersom til dømes fylkestilskott til Festspela i Nord-Noreg skulle falle bort eller reduserast, kan ein ikkje vente at institusjonen kan komme over på statsbudsjettet.

I tilrådinga om Rikskonsertar har Rådet peika på at spørsmålet om tilskott over statsbudsjettet bør vurderast i samband med forebuinga av statsbudsjettet for 1970, dvs. på nyåret 1969. Rådet er på det reine med at dette kan vere ein heller stutt prøveperiode, dersom verksemda ikkje kjem i gang for fullt før i 1968.

Når det gjeld Biletkunst og brukskunst (Kap. III) meiner Rådet at tilskott til mindre utstillingar innanlands framleis bør bli gitt frå kap. 352 i statsbudsjettet (Post 70 G, Kunstudstillingar), da slike utstillingar er ein naturleg del av verksemda i kunstorganisasjonane.

Oppgåva til Kulturfondet må vere å gjere det mogleg å få til større eingongstiltak, og større innkjøp til samlingar, som ikkje kan realiserast innan det vanlege driftsbudsjettet.

Spørsmålet om kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg har vore drøfta inngåande i 1966, slik det er gjort greie for i Kap. III, Biletkunst og brukskunst.

I 1967 vil Kulturrådet føre opp midlar til kunstnarleg utsmykking av så vel nye stats-

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

bygg som eldre statlege og kommunale bygg.

I årsmeldinga for 1965, Kapitlet Kulturbygg, har Rådet peika på at reine statsbygg bør finansierast over statsbudsjettet, medan fondsmidlar bør nyttast til toppfinansiering av lokalt finansierte bygg.

I Innst. S. nr. 36 har Kyrkje- og undervisningsnemnda sagt seg samd i dette synet.

Der det gjeld byggjeplanar for institusjonar som har stats- og kommunetilskott til drifta, vil det vere naturleg å drøfte saka med statlege og kommunale instansar før Rådet gir si tilråding, dersom nybygg vil føre med seg at driftstilskotta må aukast.

Når det gjeld tilskott til filmformål, har Rådet enno ikkje funne fram til ei endeleg løysing av spørsmålet om ei naturleg oppgåvefordeling mellom statsbudsjettet og fondet.

Oppgåva for fondet kan ikkje vere å supplere gjeldande stønadsordning for norsk spelefilm, slik at ein gir omframtilskott av fondsmidlar til vanlege produksjonar. Tilskott av fondsmidlar kunne ein gi til tiltak som utgreningar og analysar, konferansar og seminar, prisar til verdfulle produksjonar, tilskott til særskilde eksperiment, tilskott til utstyr, tilskott til einskilde store nasjonale produk-

sjonar som ikkje kan finansierast under den vanlege stønadsordninga. Rådet vil drøfte desse spørsmåla nærmare i 1967, og komme attende til saka i neste årsmelding (sjå elles kap. III, Film).

Når det gjeld tilskott til tidsskrift, har Rådet halde fram med arbeidet med oppgåvefordeling med NAVF, men har òg i brev til departementet peika på at somme tidsskrift naturleg høyrer heime på budsjettet til den statsinstitusjonen som gir dei ut (sjå kap. III, Tidsskrift). Det same kan seiast å gjelde det regulære arbeidet med innsamling og registrering av norsk folkemusikk, som går føre seg ved Norsk Folkemusikkinstittutt. Dette instituttet blir finansiert av NAVF. Rådet har heller ikkje her funne fram til ei endeleg fordeling av oppgåvene, og er difor budd på å gi tilskott av fondsmidlar til dette arbeidet også i 1967.

Alle vedtak i Rådet om tilskott av midlar Rådet har til rådvelde i samsvar med den kongelege resolusjon, har vore godkjende av Kyrkje- og undervisningsdepartementet, m. a. av omsyn til den samordning med statsbudsjettet som ein jamt må ha for auga. Denne ordninga har på same måte som i 1965 fungert fullt tilfredsstillande.

Kap. III. Tilskott.

Innleiing.

I alt er det i 1966 komme 582 søknader om tilskott frå Norsk kulturfond. (Brev eller vanlege førespurnader er ikkje tekne med). Den totale søknadssummen er vanskeleg å gi heilt nøyne, avdi ein god del av søknadene anten ikkje nemner nokon sum (søkjer om «så stort tilskott som mogleg» eller liknande), eller summen er så stor at han må fordela over fleire år. Med desse etterhald kan den samla søknadssummen reknast til om lag 38 mill. kroner (1,5 mill. kroner til Konserthus i Oslo og 1,5 mill. kroner til Grieghallen i Bergen er medrekna).

For at Rådet skulle få eit grunnlag å bygge på når det skulle førebu fordelinga for 1967, vart det lyst ut ein frist for søknader om tilskott for 1967. Fristen vart sett til 1. november 1966. Dette vil ikkje seie at Rådet ikkje vil ta omsyn til søknader som er komne inn seinare. Mange av dei søknader

som kom inn i 1966 gjeld såleis tiltak i 1967.

På same måte som i fjar (jfr. St. melding 91, årsmelding 1965) har Rådet avslått søknader om driftstilskott til institusjonar.

Eit unntak vart gjort for Festspela i Nord-Noreg, som i 1966 vart arrangert for andre gongen, avdi dette tiltaket framleis er i ein prøveperiode. (Sjå avsnittet Musikk). Det same gjeld òg Norsk Bygdekino som er under utgreiing av ei særskild nemnd, og Musikkens Venners Landsforbund til rikskonsertverksamd, der tilskottet er gitt med etterhald om ein overgangsperiode.

Når det gjeld desse tre institusjonane, har Rådet vendt seg til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om spørsmålet om tilhøvet til statsbudsjettet.

Tilskott til ein del tidsskrift må òg etter føresetnaden bli gitt årleg (sjå avsnittet Tidsskrift).

Årsmelding 1966 fra Norsk kulturråd.

Søknadsoversyn pr. 31. desember 1966:
(dei tilsvarande tal for 1965 er sett i parentes)

	Tal på søknader	Utan søknadssum	Total søknadssum
Litteratur *)	98 (53)	46 (33)	1 362 740 (1,7 mill.)
Musikk	135 (110)	25 (43)	2 868 745 (2,9 »)
Biletkunst	107 (64)	17 (21)	2 992 000 (3,9 »)
Film, teater, ballett	41 (18)	(8)	2 316 415 (1,3 »)
Kulturvern	100 (116)	15 (9)	10 193 815 (6,0 »)
Kulturbrygg	40 (46)	4 (2)	17 000 000 (23,5 »)
Tidsskrift	30 (22)	2 (6)	572 300 (1,0 »)
Andre formål	31 (57)	10 (30)	504 000 (1,5 »)
	582 (386)	119 (152)	37 810 015 (41,8 mill.)

Litteratur.

I alt er det i 1966 komme inn 98 søknader som gjeld litteratur. Samla søknadssum var kr. 1 362 740. 46 av søkerne nemnde ikke søknadssum. I dette talet er ikke rekna med dei mange tilskriv og førespurnader frå forlag, bibliotek o. a. i samband med innkjøpsordninga for norsk skjønnlitteratur eller andre støttetiltak.

I utgreiinga nedanfor er brukt same rekkjefølge på dei ymse støttetiltaka som i St. prp. 130 for 1964—65, kap. «Særlege retningslinjer for tiltak som gjelder norsk litteratur».

1. Utgiving av eldre norsk litteratur.

Det utvalet som er nedsett (Klassikarkomiteén, sjá kap. Utval og utgreiingar) har i des. 1966 gjort ferdig ei utgreiing om problem og oppgåver når det gjeld ny-utgivingar, både av vår klassiske litteratur og nyare norsk skjønnlitteratur som ikke lengre finst i handelen. Komitéén har òg utarbeidt ei førebels liste over eldre norsk litteratur som jamt bør vere å få i bokhandelen. Kulturrådet vil drøfte framlegga frå komitéén i samband med fordelinga av løvinga for 1967.

Klassikarkomiteén har dessutan gitt tilråding om ei rekkje søkerne frå forlag om produksjonstilskott til ny-utgivingar av eldre norsk litteratur. I samsvar med tilrådingane har Rådet gitt desse tilskott:

Olaf Norlis Forlag, ny utgåve av Tore Ørjasæters trilogi «Gudbrand Langleite» til diktarens 80-årsdag kr. 10 000 Gyldendal Norsk Forlag, ny utgåve av Hans Henrik Holm: «Jonsoknatt» » 10 000

*) Søknader rubriserte under litteratur gjeld særskilde tiltak. Innkjøpsordninga er ikke med, heller ikke avsetjingane til barne- og ungdomslitteratur o. a.

H. Aschehoug & Co., ny utgåve av Tryggve Andersen: «Fortellinger i utvalg» til 100-årsdagen for Tryggve Andersens fødsel » 8 000 Noregs Boklag, utgiving av Arne Garborg: «Artiklar i samling» .. » 8 000 Noregs Boklag, utgiving av Elias Blix: «Salmar og songar» » 6 000 Gyldendal Norsk Forlag, ny utgåve av Olav Aukrust: «Dikt i samling» » 10 000

2. Tilskott til periodiske publikasjoner.

I tilråding om fordeling av løvinga for 1966 (kongeleg resolusjon av 29. april 1966) sette Rådet av kr. 400 000. Vi viser til avsnittet Tidsskrift og periodiske publikasjoner.

3. Essayistikk.

Klassikarkomiteén skal etter mandatet også gi fråsegn om søkerne som gjeld utgiving av norsk essay-litteratur. I samsvar med tilråding frå komitéén har Rådet gitt desse tilskott:
H. Aschehoug & Co., til Stein Mehren: «Samtidsmuseet og andre tekster» » 6 000 H. Aschehoug & Co., til Daniel Haakonsen: «Arnulf Øverland og den etiske realisme 1905—40» ... » 5 500 Det Norske Samlaget, til Norsk Litterær Årbok » 10 000 Det Norske Samlaget, til «Ei bok om Olav Sletto» » 5 000

Til saman kr. 26 500

4. Arbeid for norsk litteratur i utlandet.

Rådet har sett ned eit eige utval til dette arbeidet. (Sjá kap I, Utval og utgreiingar). Etter framlegg frå utvalet har Rådet engasjert fru Karna Dannevig til å gi ei utgreiing om det arbeidet som til no er gjort på dette området, og gi framlegg om vidare arbeid,

Arsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

m. a. gjennom kontaktar i utlandet. Til denne utgreiinga er førebels løyvt kr. 8 000 av dei kr. 100 000 som vart settte av i 1966. Restsummen vil ein nytte til tiltak i 1967.

5. Vidareutdanning av forfattarar.

Rådet har løyvt kr. 35 000 til eit seminar som Den Norske Forfattarforening arrangerte i oktober 1966 på Lysebu ved Oslo, om emnet: «Mål og middel i vår tids lyrikk». Det var forelesingar av danske og svenske gjester. I alt 50 norske lyrikarar og forfattarar var med på seminaret.

6. Stønad til ny norsk dramatikk.

Ved kongeleg resolusjon av 29. april 1966 vart det sett av kr. 50 000 til innkjøpspremier for nye norske skodespel som blir godtekne til framføring på norske scener. Slike stykke skal ikkje tidlegare vere komne i bokform eller framførde på teater.

Innkjøpspremier er i 1966 gitt til:

Nationaltheatret til skodespel av Anders Bye, Carl Martin Borgen og Kristoffer Haave	kr. 16 333
Den Nationale Scene:	
Knut Horvei: Vigdis	» 7 000
Trøndelag Teater:	
Finn Carling: Gitrene	» 7 000
Oslo Nye Teater:	
Skodespel av Solveig Christov og Ernst Orvil	» 14 000

Til saman kr. 44 333

Restsum kr. 5 667 blir ført over til 1967.

7. Litterære priser.

Ved kongeleg resolusjon 29. april 1966 vart løyvt kr. 100 000. Etter framlegg frå Den Norske Forfatterforening vedtok Rådet å setje av kr. 70 000 i 1966 til ein litterær pris. I nokon monn har ein teke mönster av den italienske «Strega-prisen». Etter drøftingar med bl. a. Den Norske Forfatterforening, Den norske Forleggerforening og Norsk Redaktørforening vedtok Rådet som ei prøveordning for 1966 ei prisutdeling i 3 steg:

- I. Fem priser, kvar på kr. 10 000, til fem skjønnlitterære bøker, eller bøker med skjønnlitterært preg, valde av Norsk Litteraturkritikerlag.
- II. To priser, kvar kr. 5 000, til slike bøker, valde av Den Norske Bokhandlerforening og Norsk Bokhandler-Medhjelper-Forening.
- III. Ein pris, kr. 10 000 til ei bok vald ved publikumsavrøysting i regi av avisene.

Første prisutdeling gjekk føre seg 9. desember 1966. Norsk Litteraturkritikerlag

hadde peika ut desse fem bøkene: «Bruene» av Tarjei Vesaas, «Livstegn og speilingar» av Odd Hølaas, «Frihetens øyeblikk» av Jens Bjørneboe, «Befrielser» av Peter R. Holm, og «Tids Alder» av Stein Mehren. Formannen i Norsk kulturråd delte ut prisane.

Dei neste 2 stega i prisutdelinga vil skje i februar—april 1967.

Etter søknad frå Stiklestadnemnda er det vidare løyvt kr. 30 000 til premiar i ein forfattarkonkurranse om eit nytt skodespel til festspela på Stiklestad.

8. Opplysningsarbeid for norsk litteratur og til bokspreiing i grisgrendte strok.

Ved kongeleg resolusjon av 29. april 1966 vart det avsett kr. 300 000.

Desse tilskott er gitt:

Sentralbiblioteket for Hordaland til kjøp av bøker til bokstamme for Bokbåten på Vestlandet	kr. 150 000
Jfr. øg årsmeldinga frå 1965.	
Til bokkjøp for bokbilar:	
Sentralbiblioteket for Sogn og Fjordane	» 50 000
Sentralbiblioteket for Østfold ..	» 7 000
» » Akershus	» 7 000
» » Hedmark	» 7 000
» » Buskerud	» 7 000
» » Vestfold	» 7 000
» » A.-Agder	» 8 000
» » V.-Agder	» 7 000

Til saman kr. 100 000

Etter tilråding av Bibliotekdirektøren har Rådet sett av kr. 35 000 som tilskott til bibliotek som vil arrangere kultur- eller forfattarkveldar med foredrag eller opplesningar av forfattarar. Førebels er gitt tilskott på til saman kr. 15 840. Statens Bibliotektilsyn har gitt tilråding. Resten av denne summen vil bli delt ut på nyåret 1967 etter ny tilråding. Etter søknad har Lyrikkforeningen i Molde («Kaffistovas Venner») fått eit tilskott på kr. 3 000 til ei lyrikkstemne i Molde i august 1966. Etter søknad frå Foreningen Norden i samband med Norsk Lektorlag og Norsk Lærerlag har Rådet gitt tilsegn om eit tilskott til

Seminaret «Skolen og litteraturen» kr. 10 000 i 1967.

Til saman løyvt i 1966 kr. 298 000.

Kr. 2 000 blir ført over til 1967.

9. Tilskott til nynorsk litteratur.

Med grunnlag i det som er sagt i St. prp. nr. 130 for 1964—65, der Rådet särleg vil vise til pkt. 8 om å styrke verksemda i Det

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

Norske Samlaget, vart det ved kongeleg resolusjon av 29. april 1966 avsett kr. 400 000 til særskilde tiltak for nynorsk litteratur.

Det Norske Samlaget søkte om eit samla tilskott på kr. 610 000 til ei rekkje tiltak, Noregs Boklag om kr. 48 500, Fonna Forlag om kr. 140 000, Gyldendal Norsk Forlag om kr. 37 000 og Olaf Norlis Forlag om kr. 10 000.

Desse tilskott er gitt:

D e t N o r s k e S a m l a g e t	
til saman	kr. 300 000
som produksjonsstønad til desse tiltak:	
Klassiske og norrøne bokverk ..	» 100 000
Omsetjing av utanlandsk litteratur	kr. 50 000
Serien Norsk Kulturarv	» 40 000
Norsk eventyrbibliotek	» 30 000
Kvalitetsbillegbøker	» 50 000
Nynorske barnebøker	» 30 000
N o r e g s B o k l a g har fått til samан:	kr. 23 000
til Einar Arne: Biografi over Hans Seland	kr. 3 000
Ny utgåve av Hans Selands roman-trilogi «Tore Herdal» ..	» 5 500
Halvor Floden: «Tommeliten på ikornrygg»	» 10 000
Ivar Kleiva: «På oppdagingsferd i Sogn»	» 3 000

Som nemnt i Årsmelding 1965 fekk F o n n a F o r l a g kr. 47 500 til siste bind av Norsk Allkunnebok. Etter ny søknad frå forlaget om hjelp til å få verket ferdig, ga Rådet eit nytt tilskott i 1966

til Norsk Allkunnebok, band X kr. 52 500.

10. Stønad til litteratur på samisk språk.

Den relativt låge summen som vart avsett ved kongeleg resolusjon av 29. april 1966, kr. 30 000, hadde grunnlag i at Rådet ikkje hadde fullnøyande opplysningar til å ha ei meinинг om kva som kunne trengjast. Det låg heller ikkje føre nokon konkrete søknader. Dette har no endra seg noko, mellom anna i samanheng med fellesmøtet 15. november mellom Norsk kulturråd, representantar for Norsk sameråd o.a. ekspertar, sjá kap. I, Samarbeid med andre institusjonar.

Desse tilskott er gitt:

Tysfjord folkeboksamling, til innreiing av filial i Musken, vesentleg for samar	kr. 1 000
Universitetsforlaget, produksjonsstønad til utgiving av tre samiske skjønnlitterære bøker	» 28 250
Tidsskriftet «Ordet», særnummer om samisk kultur	» 6 000

Til dette siste tilskottet vart brukt dei siste kr. 750 av dei avsette midlar, og kr. 5 250 er tekne av midlar til rådvelde for litteratur.

Etter søknad frå professor Asbjørn Nesheim og etter tilråding av Nordisk sameråd har Rådet dessutan gitt eit trykkingstilskott til ei genealogisk utgreiing av sokneprest Erik Schytte Blix, «Nessey- og Polmak-slekter», som skal komme i Norsk Folke-museums serie Samiske Samlinger, kr. 17 500 Til Universitetsforlaget, band 9 av publikasjonsserien «Sameliv» » 7 000

Både desse tilskott er tekne av midlar til rådvelde for litteratur. Til tiltak for samisk kultur er dermed løyvt i alt kr. 59 750 av fondsmidlar 1966.

11. Til vederlag for bortfallen lesesirkelavgift.

Som i 1965 vart avsett ved kongeleg resolusjon 29. april 1966, kr. 25 000, jfr. St. prp. nr. 130.

Summen er som i fjor løyvt til Den Norske Forfatterforening.

12. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønn-litteratur for folkebiblioteka.

Til dette formålet vart avsett for 1966 kr. 2 700 000, dvs. same summen som for 1965.

I tilrådinga peika Rådet på at det på den tida, i april 1966, var uråd å spå om omfanget av den norske skjønnlitterære bokhausten for året, korkje m.o.t. talet på bøker eller prisar. Det var òg uvisst kor store krav som ville komme om ekstra honorar for bøker frå 1965. Rådet rekna likevel med at det ville greie seg med dei ca. kr. 425 000 som i 1965 var spara på posten innbinding/ekspedisjon.

Når det gjeld røynslene til no om innkjøpsordninga, viser Rådet til «Innstilling om støtteordning for norsk skjønnlitteratur etter 1. januar 1967», send Kyrkje- og undervisningsdepartementet juli 1966. Rådet gjorde her framlegg om å halde på innkjøpsordninga som ei prøveordning i minst eitt år til, men med denne justeringa:

Alle bøker som forlaga ynskjer å få med i innkjøpsordninga i 1966, må sendast inn til departementets rådgivande komité for folkeboksamlingar, som vil vurdere dei på vanleg måte. Alle innsende bøker kjem med dette året. Når fråsegna frå komitéen ligg føre (på nyåret 1967), vil dei forfattarane som har fått bøkene sine avviste av komitéen bli sette «i karantene». Dette vil seie at eventuelle nye bøker av desse forfattarane ikkje blir automatisk innkjøpte neste år. Bøkene blir heller ikkje automatisk avviste, men må

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

vurderast på førehand av rådgivingskomitéen. Truleg vil det her ikkje bli spørsmål om fleire bøker enn at det skal bli mogleg for komitéen å gjere ei slik vurdering.

Dersom forleggjaren ynskjer det, m. a. av omsyn til prisutrekninga, må boka kunne vurderast på manuskriptstadiet. Blir boka avvist, kan forlaget appellere til Rådet, som med samtykkje frå departementet vil setje ned eit lite sakkunnig utval som appellinstans. Rådet reknar med at ei slik ordning berre ved sin eksistens vil føre til at forleggjar og forfattar ikkje vil vere interesserte i å utsetje seg unødig for ei vurdering som dei kan ha grunn til å tru vil gi negativt resultat.

Rådet meiner at eit slikt «karantene»-system vil føre til at ein kan halde på dei fleste føremonnene ved innkjøpsordninga, samstundes som det synest å vere minimal risiko for verknader som kan karakteriseraast som inngrep i den litterære fridomen. Den norske Forleggerforening sa seg med brev av 24. juni 1966 samd i denne ordninga, og meiner — som Kulturrådet — at ho ikkje i særleg grad vil endre den nøytrale karakteren som innkjøpsordninga har. Ved det at slagget på denne måten blir utsiktig, meiner Forleggerforeningen at mykje av kritikken mot innkjøpsordninga vil falle bort. Det ligg òg eit førehandsdisiplinerande moment i framleggjet, seier Forleggerforeningen til slutt.

Elles viser Rådet til dei meir utførlege kommentarar i innstillinga.

Ved stortingsvedtak av 6. desember 1966 (Innst. S. nr. 36 for 1966—67) har Stortinget godkjent karanteneordninga som prøveordning for 1967 og 1968.

Rådet har dessutan fått godkjenning frå departementet på to mindre justeringar som vart sett i verk alt i 1966:

1. Ikkje meir enn eitt verk av kvar forfattar skal kjøpast inn kvart år. Rådet bør berre kunne dispensere frå denne regelen når det gjeld bokutgåver av skodespel som blir godtekne til framføring på eit norsk teater i same året.

2. Ingen einskild kommune får meir enn ca. 4 sett av presentasjonseksemplara. Dei større kommunane med mange folkebibliotek får dermed tildelinga si skoren ned, slik at fleire små kommunar som ikkje kom med i 1965 av di dei melde frå for seint, i år får bøker. I alt 40 kommunar har etter tilråding frå Statens Bibliotektilsyn fått kvoten sin frå 1965 skoren ned med til saman 55 sett, som så er fordelt til bibliotek i små kommunar.

På rådsmøte 15. desember vedtok Rådet enno 2 mindre justeringar, som bør gjelde for 1967:

3. På bakgrunn av den kritikk som har vore

reist mot eit par av dei bøkene som kom med under innkjøpsordninga i 1965, har Rådet etter samråd med Norskavdelinga ved Universitetsbiblioteket i Oslo fastsett at ein heretter berre skal klassifisere som «skjønnlitteratur» dei klårt definerte kategoriane: roman, novelle, lyrikk og skodespel.

Dette vil seie at bøker som av Universitetsbiblioteket klassifiserast som «Skrifter av blanda litterært innhold» eller som «Satire og humor» blir haldne utanfor det automatiske innkjøpet. For bøker som høyrer inn under desse to gruppene, må det eventuelt søkjast om å komme med i ordninga, med tilvising til avtalen mellom Kulturrådet og dei to forleggjarforeiningane: «Nye norske bøker som etter Universitetsbibliotekets klassifisering ikkje kjem med under kategorien skjønnlitteratur, kan komme inn under avtalen dersom dei har preg av diktning».

4. Rådet tilrår vidare at antologiar som er sette saman av stykke frå mange forfattarar, skal haldast utanfor avtalen. Rådet minner om at ein vesentleg intensjon med innkjøpsordninga var å gjøre det mogleg for den einskilde forfattar å få verket sitt utgitt og på betre vilkår, og meiner at det kan vere fare for utglidning om ein tek slike samlingar med. Likevel meiner Rådet det kan vere grunn til å drøfte om ein bør gjøre unnatak for lyrikkantologiar.

Omfang av innkjøpsordninga for 1966.

Norske forlag gav i 1966 ut i alt 148 bøker som kom inn under innkjøpsordninga. (Sjá vedlegg 5).

Av desse 148 bøkene var	
Prosaverk	88 (1965: 76)
Diktsamlingar	48 (» 43)
Skodespel	12 (» 5)
	148 (1965: 124)

Av desse var 124 (68 prosaverk, 48 diktsamlingar, 10 skodespel) utgitt av forlag som er medlemmer av Den norske Forleggerforening. Tilsvarande tal i 1965 var 95 (52, 41, 3). 20 av bøkene (18 prosaverk, 1 diktsamling, 1 skodespel) kom ut på forlag som er medlemmer av Norsk Forleggersamband, og som i 1965 gav ut 22 bøker (20, 2,0). Fire bøker (2 prosaverk, 1 diktsamling, 1 skodespel) kom ut på uorganiserte forlag. Denne gruppa fekk i 1965 godteke 6 bøker (4, 0, 2).

I alt 27 bøker kom ikkje med i ordninga. Ein del av desse vart ikkje klassifisert som skjønnlitteratur av Universitetsbiblioteket. Ein del var bøker som var komne ut før 1966.

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

Eit par skodespel hadde vore oppførte på teater for mange år sidan og kunne ikkje kallast ny norsk skjønnlitteratur. Nokre bøker kom ikkje med av di dei var melde for seint, og resten var bøker utgitt på ikkje-organiserte forlag, eller av forfattarar sjølve på eige forlag, som etter litterær vurdering vart avslått av Rådet.

Etter søknad frå Gyldendal Norsk Forlag har Rådet godkjent Odd Hølaas: «Livstegn og speilinger», som Universitetsbiblioteket hadde klassifisert som essayistikk.

Kostnader ved innkjøpsordninga 1966.

A/L Bibiloteksentralen har som i 1965 fungert som innkjøps- og ekspedisjonsorgan for Rådet, og har dette året greidd å få bøkene tidlegare ut til biblioteka, enda nokre forlag leverte bøker så seint som etter jul. Første sending på 50 bøker vart ekspedert i 1. veka av desember, andre sendinga går ut i andre veka av januar 1967, og tredje sendinga ventelag før 15. februar.

Endeleg oppgjer for innbinding, ekspedisjon og frakt kan Biblioteksentralen ikkje levere før alle sendingar er ferdige.

Forat innbindingsutgiftene skulle reduse rast så langt råd var, vedtok Rådet sommaren 1966 at diktsamlingar skulle kjøpast inn i forlagsbind (hefta). 41 bøker er kjøpte inn på denne måten, og dermed har ein spart kr. 82 000. To diktsamlingar var så store at ein måtte binde dei i shirting slik som prosabøkene. Fem, av middels storleik, har fått pappbind slik det vart brukt på diktsamlingane i fjor.

Innbinding, ekspedisjon, iset-	
jing av bibliotekutstyr m. v. for	
148 000 bind vil til saman koste kr.	558 600
Kjøp av 1 000 ekspl. av 107 titlar	
i materie og 41 lyrikktitlar i for-	
lagsbind, rekna frå hefta utsals-	
pris inkl. omsetningsavgift mi-	
nus 42½ pst. rabatt og 2 pst.	
kontantrabatt	» 1 792 722
Refusjon av forskottshonorar ..	» 438 838
<hr/>	
Til saman	kr. 2 790 160

Desse tala er ikkje endelege, m. a. kjem frakt i tillegg. Men alt no ser ein at det vil gå med meir enn dei kr. 2 700 000 som er avsett til disposisjon saman med midlar overførte frå 1965.

A/L Biblioteksentralen har no levert sluttoppgjer for presentasjonseksemplara 1965. (Jfr. Årsmelding 1965). I tillegg til innkjøpsprisen på 124 bøker à 1 000 eksemplar, kr. 1 370 706, kosta innbinding og ekspedisjon

m. v. kr. 531 636 og frakt kr. 23 341. Samla kostnader vart såleis kr. 1 925 683. Ved kongeleg resolusjon 27. august 1965 vart det sett av til desse postane til saman kr. 2 263 740, og det vart dermed innspart kr. 338 057. Forskottshonorar til forfattarene utgjorde kr. 335 103 mot budsjettert kr. 362 448, innspart kr. 27 345.

Alt i alt er det såleis innspart kr. 3 654 02. Av denne summen er sidan betalt kr. 122 990 til etterrefusjon av honorar til forfattarar som etter salsoppgjer frå forлага tente meir enn forskottet.

Dei totale kostnader ved innkjøpsordninga i 1965 utgjorde såleis kr. 2 383 776 mot budsjettert kr. 2 700 000. Ein har da teke med dei omfram-honorar som det var meinings først skulle bli betalt året etter. Kr. 3 16 224 kan difor disponerast til utgifter som gjeld innkjøpsordninga i 1966.

13. Stønad til barne- og ungdomslitteratur.

Ved kongeleg resolusjon av 29. april 1966 vart det avsett kr. 300 000 til dette formålet. Tilrådinga var i samsvar med innstilling frå Det faglege utval supplert med Egner, som hadde drøfta ymse tiltak med representantar for Ungdomslitteraturens Forfatterlag og Den norske Forleggerforening. (Sjå òg Årsmelding for 1965).

Det faglege utvalet peika på at situasjonen for denne litteraturen er om mogleg enda meir kritisk enn for den «vaksne» skjønnlitteraturen.

Summen vart disponert slik:

- a. Innkjøp av bøker til fordeling mellom barn på barneheimar, sjukehus, internat o. l. Kvar ny norsk skjønnlitterær bok innanfor barne- og ungdomslitteraturen som Kyrkle- og undervisningsdepartementets rådgivande komité for skoleboksamlingane tilrår for skoleboksamlingane — ein reknar med om lag 30 — vil bli kjøpt i 500 eksemplar. Ein reknar ein nettopris på ca. kr. 8 pr. bok, dvs. i alt ca. kr. 120 000
- b. Innkjøpspremier til forfattarane av desse bøkene à kr. 2 500, til saman
- c. Inntil 10 produksjonspremier à kr. 5 000 til forlag for barnebøker av særleg høg kvalitet i innhald og utstyr » 50 000
- d. Førehandstilskott til produksjon av 2—3 kunstnarleg illustrerte store biletbøker » 30 000
- e. Tilskott til utgiving av ein katalog, til rettleiing for forældre og andre interesserte, over gode bilet-, barne- og

Arsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

ungdomsbøker frå dei siste
10—12 åra som framleis er
i handelen » 15 000
Innstillinger frå Den rådgivande komité vil
venteleg først ligge føre på nyåret 1967, så
det er ikkje råd å seie kor store summar som
vil bli nytta til innkjøp eller forfattarpremier
(a og b). Det same gjeld produksjonspremier
til forlaga, som ein først kan dele ut når
juryen har fått tid til å vurdere dei barne-
bøkene som kom i 1966.

Juryen er det same utvalet som vurderer
søknader om produksjonstilskott til bilet-
bøker (sjå Kap. I, Utval og utgreiing-
gar).

Av dei kr. 30 000 avsett under pkt. d. har
Rådet gitt kr. 15 000 til Johan Grundt Tanums
Forlag til ny utgiving av «Anes eventyr» av
Johan Borgen og Reidar Aulie. Denne store
boka som tidlegare var særslig dyr kunne der-
med få ein så låg pris som kr. 12.

Til disposisjon hadde ein då att kr. 10 000
som er løyvde til barnebladet Magne som eit
eingongstilskott til kjøp av forteljingar av
norske forfattarar.

**14. Tilskott til omsetjing av verdfull framand
litteratur.**

I si tilråding til departementet om fordeling
av fondsmidlar for 1966 peika Rådet på at
tiltak for litteratur til no først og fremst
hadde måtta konsentrere seg om dei tiltak for
norsk litteratur som er omtala i St. prp. nr.
130. Men Rådet viste òg til merknaden frå
Kyrkje- og undervisningsdepartementet i same
proposisjonen om at det i einskilde saman-
heng dessutan burde kunne ytast tilskott til
utgiving av slik litteratur av framandt opp-
hav som kan gjere vårt eige kulturelle miljø
rikare.

Rådet har meint at tida er inne til å ta til
med denne oppgåva, og sette av kr. 80 000
til formålet. Etter fleire konferansar og sei-
nare ein grunniggi søknad frå Den norske
Forleggerforening på vegner av fleire med-
lemsforlag, har Rådet gitt desse tilskott:
H. Aschehoug & Co. (for 3 bøker) kr. 11 000
J. W. Cappelens Forlag (2 bøker) » 7 500
Dreyers Forlag (2 bøker) » 4 500
Gyldendal Norsk Forlag (5 bøker) » 17 000
Tiden Norsk Forlag (3 bøker) .. » 7 000

Til saman kr. 47 000

Tilskotta har vore frå kr. 2 000—6 000 til
kvar bok, og gjeld bøker omsette og utgitte
på norske forlag 1966 av desse forfattarane:

Peter Abrahams, Chinua Achebe, Miguel
Angel Asturias, Saul Bellow, Johannes Bob-

rowski, Claude Brown, Miodrag Bulatovic,
William Faulkner, Jesse Hill Ford, Witold
Gombrowicz, Halldor Laxness, Ana Maria
Matute, Per Olof Sundmann, Italo Svevo og
Villy Sørensen.

Rådet har streka under at løyvinga berre
gjeld dette året, og at ein seinare må finne
fram til faste retningsliner for tilskott til
verdfulle omsetjingar. M. a. bør ein drøfte
prinsipielt om omsetjingar frå andre nordiske
språk bør støttast.

15. Andre tilskott.

Ved kongeleg resolusjon av 29. april 1966
vart det sett av kr. 410 000 til rådvelde til
andre tiltak for litteratur. I tilrådinga til
departementet minnte Rådet om at svært
mange usikre moment gjorde seg gjeldande
med omsyn til kostnadene ved innkjøpsord-
ninga for 1966, m. a. kunne ein våren 1966
ikkje vite kor mange bøker som ville komme
med. Det var òg uvisst kor store krav om
honorarrefusjonar frå 1965 som ville komme
inn i år for dei av bøkene frå 1965 som gjekk
i større opplag. Dessutan bør det vere mog-
leg for Rådet å ta nye initiativ eller stø andre
tiltak enn dei som alt er planlagde og i gang.

Desse tilskott er gitt:

1. Norske Dramatikeres Forbund	kr. 3 000
2. Ungdomslitteraturens For- fatterlag til tiltak for nor- ske barnebøker i utlandet og deltaking i nordisk sam- arbeid	» 3 000
3. Den norske Bokklubben til å sikre utgiving 1966 av Nordisk Poetisk Årbok	» 3 000
4. Noregs Boklag til antolo- gien «Den fyrste song», ei samling av norske vogge- viser	» 8 000
5. Dreyers Forlag til utgiving av Arne Dørumsgaards serie gjendiktingar «Østens gamle poesi»	» 9 000
6. Norsk Litteraturkritikerlag for omfram utgifter i sam- band med utdelinga av Kul- turfondets bokprisar 1966 ..	» 2 000
7. Universitetsforlaget til ut- giving av Sameliv, band 9 ..	» 7 000
8. Norsk Folkemuseums Sa- miske Samlinger, trykkings- tilskott til genealogisk av- handling	» 17 500
9. Tidsskriftet Ordet, samisk spesialnummer	» 5 250

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

10. Innkjøp av 500 sett av bokverket «Det norske Storting gjennom 150 år»	»	45 000
11. Ymse konsulenthonorar ..	»	884
Til saman	kr.	103 634

Merknader:

1. Norske Dramatikeres Forbund har tildegar hatt statstilskott (kr. 2 000) til konsulent- og rådgivningsarbeidet sitt for unge dramatikarar. Departementet har meldt frå til Rådet at det no ikkje lenger kan gi slikt tilskott, og bede Rådet vurdere søknaden.
5. Tilskottet gjeld 1. band og det er gitt tilsegn om same tilskott for band 2 i 1967.
7. 8. og 9. Sjå avsnittet Samisk litteratur.
10. Etter oppmoding frå Stortingets presidentskap har Rådet vedteke å kjøpe 500 sett av verket i materie til ein pris av kr. 50 pr. sett, til saman kr. 25 000, og bruke inntil kr. 20 000 til innbinding. I samarbeid med Statens bibliotektilsyn og A/L Biblioteksentralen skal verket bydast fram til alle folkeboksamlingar, lærarskolar, folkehøgskolar, høgre skolar m. v. til ein pris av kr. 50 pr. sett.

Av dei midlane som står att må ein dekkje eventuelle omframtid utgifter til innkjøpsordninga 1965 og 1966. Rådet har difor ikkje våga å disponere større sum.

Musikk.

Til saman er i 1966 komme inn 135 søknader (i 1965: 110) med ein samla søknadssum på kr. 2 868 745 (I 1965: 2,9 mill. kroner). 25 søknader nemner ingen særskild sum.

Ved kongleg resolusjon av 29. april 1966 vart gitt desse tilskott og gjort vedtak om slike avsetjingar:

1. Festspela i Nord-Noreg 1966	kr.	40 000
2. Filharmonisk Selskaps orkester, turné i Nord-Noreg sommaren 1966	»	125 000
3. Kritisk-vitskapleg utgåve av Griegs verk	»	50 000
4. Musikkens Venners Landsforbund — tilskott til riks-konsertar hausten 1966 ...	»	65 000
5. Norsk Komponistforening — til utgiving av norsk musikk på plater	»	75 000
6. Norsk underholdningsmusikk-autorer — til trykking av norsk musikk for amatørorkester og korps ..	»	25 000

7. Storyville Jazzklubb, Molde, til tiltak i samband med den internasjonale jazzfestivalen i august 1966	»	20 000
	kr.	400 000

Avsetjingar:

8. Til kjøp av konsertinstrument for lokalforeiningar av M.V.L. o. a. musikkforeiningar	»	100 000
9. Til forsøksverksemrd med profesjonelle instruktørar for amatørorkester	»	40 000
10. Til riks-konsertverksemrd i 1967, avsetjing	»	300 000
Til disposisjon for Rådet til tiltak under utgreiling og førebuing	»	260 000

Til saman kr. 1 100 00

I tillegg til desse kr. 260 000 hadde Rådet til disposisjon kr. 97 300 som stod att frå 1965 (jfr. årsmeldinga), til saman kr. 357 300.

Desse tilskott er gitt i 1966:

1. Symfoniorkestret i Trondheim, turné i Nord-Noreg ..	kr.	23 000
2. Trysil Bibliotek, til høgtalaranlegg	»	5 000
3. Norske Amatørsymfoniorkestres Landsforbund, konsertturné med «Norges Ungdomsorkester»	»	15 000
4. Symfoniorkestret i Stavanger, omframtid tilskott 1966 til engasjement av 3 tsjekkiske strykarar	»	45 000
5. Nord-Norges Musikkforbund, instruksjons- og leiarkurs Harstad	»	12 000
6. Noregs Ungdomslag, spelemannskurs	»	5 000
7. Professor Olav Gurvin. Institutt for folkemusikk. Innsamling av norsk folkemusikk	»	15 000
8. Bø Ungdomslag, til innsamling av norsk folkemusikk i Telemark i samarbeid med Instituttet for folkemusikk	»	8 000
9. Ny Musikk: til delvis dekking av utgifter ved konsertar under kulturveka i Oslo, sept. 1966	«	10 000
10. Noregs Boklag, musikk-tillegg til Waldemar Thrane: Fjelleventyret	»	5 000
11. Spelemannsbladet, eingongs-tilskott til å dekkje gjeld ..	»	6 000

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

12. Norsk Komponistforening, til kjøp av musikkverk til 50-års jubileet i foreininga	kr. 50 000	3. Filharmonisk Selskaps Orkester, til Honegger: Jeanne d'Arc på bålet	» 50 000
13. Oslo Organistforening, til konsertar ved 50-års jubileet i foreininga, oktober 1966	» 5 000	4. Festspillene i Bergen, tilsegn til saman kr. 200 000 til nytt norsk lyrisk-poetisk spel «Mot solen», derav kr. 50 000 i 1967	» 50 000
14. Norsk Jazzforum, reisetilskott til unge lovande musikkarar for å spele ved 2 konsertar i Oslo	» 1 600	5. 16. Landssangerstevne	» 12 500
15. Norsk Jazzforum, til kjøp av original musikk til ein konsert med musikk av og orkester innovd og leia av pianisten Egil Kapstad	» 3 000		
16. Harald Lyche & Co.'s Musikkforlag, trykkingstilskott til festskrift til Olav Gurvin	» 10 000		
17. Bildende Kunstneres Styre, tilskott til uroppføring av Arne Nordheims «Responsorium for 2 slagverkgrupper og elektroniske klanger» i Kunstneres Hus ..	» 2 500		
18. «16. Landssangerstevne» til komponistkonkurranse ved songarstemne våren 1967. (Dessutan tilsegn om kr. 12 500)	» 12 500		
19. Storeldalsstiftelsen (Sjå òg kap. Biletkunst) til «lydskulptur» av kunstnarane Arnold Haukeland og Arne Nordheim (tils. tilsegn kr. 340 000, derav kr. 150 000 i 1966, delt med kr. 80 000 på biletkunst og kr. 70 000 på musikk)	» 70 000		
20. «Jazzklubben Jazz Evidence», Kongsberg, tilskott til omframtiltak ved jazzfestival på Kongsberg sommaren 1967	» 20 000		
21. Ny musikk, tilskott til Stockhausen-festival i Oslo, mai 1967	» 15 000		
	Til saman kr. 338 600		

Dei to siste tilskott blir ikkje utbetalte før i 1967, men Rådet har teke dei med ved disponering av midlar for 1966.

Restsummen kr. 18 700 førast over til 1967.
Rådet har gitt førehandstilsegn om:

1. Festspela i Nord-Noreg kr. 50 000
2. Arbeidskomitéen for Glyndebourne Festival Opera, gjestespel Oslo 1967 garanti mot underskott

» 30 000	3. Filharmonisk Selskaps Orkester, til Honegger: Jeanne d'Arc på bålet	» 50 000
» 5 000	4. Festspillene i Bergen, tilsegn til saman kr. 200 000 til nytt norsk lyrisk-poetisk spel «Mot solen», derav kr. 50 000 i 1967	» 50 000
» 1 600	5. 16. Landssangerstevne	» 12 500
		Tilsegn til saman kr. 192 500

Til dette vil komme resten av tilskottet til lydskulpturen på Storeldal, den delen som fell på musikk. Tilsegnene er godkjende av Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Arbeidet med den kritisk-vitskaplege fullstendige utgåva av Griegs verk blir gjort av ei friviljug nemnd med professor Olav Gurvin som formann med tilknyting til Institutt for musikkvitenskap ved Universitetet i Oslo. Dei reknar med at arbeidet i alt vil vare om lag 7 år (frå 1965) med ein framdriftsplan på om lag 2 bind pr. år. I alt blir det 15 bind, kvart på om lag 120 sider, forutan kommentarar.

Løyvinga til Norsk Komponistforening til utgiving av norsk musikk på grammofonplater er nytta såleis:

Orkesterverk:

Plate 1 — Arne Nordheim	: Canzona
» »	: Favola
Plate 2 — Johan Kvandal	: Symfonisk Epos
Finn Arnestad	: Aria appassionata
Knut Nystedt	: De syv segl
Plate 3 — Egil Hovland	: Lamenti
Finn Mortensen	: Fantasi for klaver og orkester
David Monrad Johansen	: Pan
Fartein Valen	: Pastorale
» »	: Cantico de ringraziamento

Kammermusikk:

Plate 1 — Egil Hovland	: Kvintett for blåsere
Bjørn Fongaard	: Galakser
Finn Mortensen	: Fantasi og fuge
Knut Nystedt	: The Moment
Fartein Valen	: Kvintett for blåsere
Plate 2 — Conrad Baden	: Trio for blåsere
Klaus Egge	: Kvintett for blåsere
Alfred Janson	: Kanon
Bjarne Brustad	: Capricci

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

Tilskottet til Norske underholdningsmusikkautorer til prenting av norsk musikk, kr. 25 000, blir nytta til instrumentering og prenting av 16 musikkverk, og notene vil bli distribuert til ungdomskorpsa av «Janitsjar A/S Noteforlag».

Rådet har òg fått søknad frå Norsk Jazzforum om tilskott til utgiving av LP-plate med norsk jazzmusikk, og søknad frå Harald Lyches Musikkforlag om tilskott til å gi ut ei LP-plate med komposisjonar av Fartein Valen.

Frå 1967 vil alle søker med framlegg om prenting eller innspeling av norsk musikk bli vurderte av Utvalet for utgiving av norsk musikk. (Sjå kap. I, Utval og utgreininga r.)

Tilskott til kjøp av konsertinstrument
til lokal-lag av Musikkens Venners Landsforbund o. a. konsertforeiningar.

Rådet har lagt same retningslinjer til grunn ved fordelinga som i 1965. Såleis er det ikkje gitt tilskott til piano eller flygel til skolar, eller til orgel i kyrkjer, avdi ein meiner at slike instrument må høyre med til det vanlege utstyret i skolar og kyrkjer.

Desse har fått tilskott til kjøp av instrument:

Til kjøp av flygel:

Musikkens Venner, Harstad	kr. 10 000
Bodø Orkesterforening, Bodø ..	» 10 000
Musikkens Venner, Haugesund ..	» 10 000
Musikkens Venner, Halden	» 10 000
Musikkens Venner, Kr.sund N., til grunnkapital til flygel	» 10 000
Høyanger konsertlag, Avbeta-ling lån til flygel, kjøpt 1965	» 4 000

Andre instrument:

Lillehammer Byorkester til kjøp av paukar	» 6 000
Skien Musikkforening til kjøp av obo og tuba	» 4 000
Fredrikstad Musikkforening til kjøp av obo	» 3 000
Mosjøen orkesterforening til kjøp av instrument	» 2 000
Kristiansand S. Byorkester, til kjøp av instrument	» 10 000
Namdal Symfoniorkester, til kjøp av cello	» 2 000
Narvik Orkesterforening til kjøp av instrument	» 8 000
Alta Salongorkester til kjøp av instrument	» 3 000
Drammen Byorkester til kjøp av kontrabass	kr. 3 000
Hamar Orkesterforening, til kjøp av instrument	» 5 000

Til saman kr. 100 000

Forsøksverksemد med profesjonelle instruktørar.

På same måte som i 1965 har Rådet gitt tilskott til amatørsymfoniorkester som vil engasjere profesjonelle instruktørar til særskild opplæring.

Desse har fått tilskott:

Narvik Orkesterforening, profesjonell dirigent (Ernst Glaser) ved Nord-Norsk orkestersamling ..	kr. 10 000
Landslaget Musikk i Skolen til kurs for instruktørar av skole-orkester	» 10 000
Norske Amatørsymfoniorkestres Landsforbund til forsøksverksemد med profesjonelle instruktørar	» 10 000
Moss Orkesterforening, profesjonell dirigent	» 3 000
Arendal Orkesterforening, gjestedirigent ved jubileumskonsert (30-års jubileet)	» 3 000
Sandnes Orkesterforening, profesjonell instruksjon	» 5 000
Bærum Orkesterforening, til profesjonell instruksjon av blåsargruppa	» 2 500

Til saman kr. 43 500

Avsetjing til rikskonsertverksemد 1967.

Rikskonsertutvalet (Bækkelund, Gjerde og Egeland) la fram si tilråding 4. mai 1966. Rådet la tilrådinga fram for Musikkens Venners Landsforbund, Statens Musikkråd og Konsertryråenes forening til fråsegn. Til orientering og eventuell fråsegn vart ho send til Allmennskoleavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Riksteatret, Den Norske Opera, Sosialdepartementet (Helsedirektoratet) og Samnemnda for studiearbeid.

Den Norske Opera har peika på spørsmålet om orkestergraver i nye forsamlingslokale på større stader. Riksgalleriet har teke opp spørsmålet om samarbeid mellom Riksgalleriet og Rikskonsertane.

Rådet har drøfta tilrådinga og fråsegnene på 2 møte, og la tilråding, fråsegner og innstilling frå Rådet fram for Kyrkje- og undervisningsdepartementet i september 1966.

Rådet er i alt vesentleg samd i opplegget frå Rikskonsertutvalet, som gjer framlegg om eit brutto driftsbudsjett på kr. 1 200 000. Kr. 200 000 er rekna som billettinntekter og kommunale garantier og tilskott, såleis at tilskottet frå Kulturfondet i prøveperioden må bli 1 mill. kroner pr. år. Rådet meiner at ei verksemد som den tilrådinga gjer framlegg om, er naudsynt dersom Rikskonsertane skal

Årsmelding 1966 fra Norsk kulturråd.

få ein naturleg plass ved sida av Riksteatret og Riksgalleriet.

Rådet finn det rimeleg at tilskott i prøveperioden blir gitt frå Norsk kulturfond. Under føresetnad av at prøververksemda kunne komme i gang hausten 1967, vil ei rimeleg prøvetid strekkje seg fram til 1970, slik at tilskott til Rikskonsertane frå det året bør gå over til statsbudsjettet.

Rådet har teke mot fleire søknader om tilskott til einskilde konsertar, både til debutkonsertar av unge musikarar og konsertar skipa til av musikkinstitusjonar eller av musikarar som vil framføre særskilde verk. Søknadene gjeld ikkje så store summar, men her reiser seg prinsippspørsmål. Viseformannen i Rådet, Kjell Bækkelund, vil drøfte saka med representantar for organisasjonar innan musikklivet, og leggje fram utkast til retningslinjer for stønad til slike tiltak. Rådet vil vonleg komme attende til dette spørsmål i 1967. (I Sverige er det Rikskonsertane som tek seg av debutkonsertar for unge musikarar, i Danmark dei statlege konservatoria).

Biletkunst og brukskunst.

I 1966 er komme i alt 107 søknader, med ein samla søknadssum på om lag 3 mill. kroner.

17 av desse nemner ikkje søknadssum.

Søknader om større tilskott til reparasjonar eller ombygging av kunstforeningars og til n y b y g g er rekna med under kulturb y g g.

Ut i frå røynslene frå arbeidet på dette området i 1965 delte Rådet budsjettet for bilet-kunst i 1966 i 3 hovudpostar:

1) Innkjøp og kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg	kr. 750 000
2) Avsetjing til lånefondet	» 200 000
3) Tilskott til utstillingar, opplysningsarbeid om kunst, eingongstiltak, (t. d. innkjøp til kunstgalleri)	» 500 000
	<hr/>
	kr. 1 450 000

I tillegg til denne summen har Rådet hatt til disposisjon unytta fondsmiddel frå 1965, til saman kr. 198 750.

Innkjøp og kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg.

Rådet minner om at løvinga på kr. 600 000 til kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg

i 1966 vart stroken i statsbudsjettet (kap. 352) og ført over til fondet. Løyvinga på statsbudsjettet galdt berre statsbygg. Kulturfondet bør òg kunne vere med på å finansiere utsmykking av kommunale eller fylkeskom-munale bygg.

Desse tilskott er gitt i 1966:

Haukeland Sjukehus, Bergen ..	kr. 30 000
Statens Hagebrukskole,	
Levanger	» 35 000
Kristiansand Posthus (omfram- løyving)	» 4 000
Statens Attføringsinstitutt,	
Trondheim	» 24 000
Sentralsjukehuset, Trondheim ..	» 40 000
Sjøguttskolen i Nordland, Bodø (førebuande arbeid)	» 5 000
Bodø sjukehus	» 30 000
Oslo Tinghus	» 100 000
Stavanger Politikammer	» 40 000
Åsgård Psykiatriske Sjukehus, (omframløyving)	» 10 000
Båtsfjord Skole, Finnmark (førebuande arbeid)	» 2 000
Valdres Gymnas (førebuande arbeid)	» 2 000
Hamar Posthus (omframløyving)	» 4 000
Stord off. Lærarskole	» 21 000
Stord off. Spesialskole	» 15 000
Statens og Finnmark fylkes ad- ministrasjonsbygg i Vadsø (omframløyving)	» 6 000
Bergen off. lærarskole (omframløyving)	» 40 500
Statens Bilsakkunnige, Tr.heim	» 15 000
Fredrikstad Posthus (førebuande arbeid)	» 5 000
Finnmark off. gymnas	» 10 000
Statens Lærebruk, Vardø	» 15 000
Andøya Flyplass	» 8 000
Kirkenes Flyplass	» 38 000
Alesund Posthus (omframløyving)	» 8 491
Sakshaug Ungdomsskole, Nord- Trøndelag	» 25 000
Brekkeparken, Skien	» 9 000
Rønvik Sjukehus, Bodø	» 9 000
Raufoss nye skole	» 7 000
	<hr/>
	kr. 557 991
Tidlegare tilsegner frå depar-te- mentet, utbetalt i 1966	» 91 500
	<hr/>
Til saman tilskott 1966	kr. 649 491

Dessutan er det gitt tilsegner på kr. 100 000 til Haukeland Sjukehus og kr. 100 000 til Finnmark off. gymnas.

Årsmelding 1966 fra Norsk kulturråd.

Rådet viser til det som er sagt i årsmeldinga for 1965 om overføring av denne løyvinga fra statsbudsjettet til fondet, der det mellom anna heitte:

«... Rådet er derfor ikke overbevist om at denne sak har funnet sin endelige form, og vil arbeide videre med spørsmålet i 1966. Det vil herunder vurdere kunstnerorganisasjonenes prinsipale forslag om at en viss prosent av byggesummen for statsbygg skal brukes til kunstnerisk utsmykking.»

På rådsmøte 29.—30. november 1965 sette Rådet ned eit utval til å leggje fram utkast til retningsliner for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg: Wilhelmsen, formann, Stenstadvold og Rodahl.

Samstundes bad Rådet det rådgivande utvalet som departementet hadde oppnemnt i 1963 til å gi tilråding om bruk av denne løyvinga, om å halde fram inntil vidare. (Utalet var oppnemnt for 4 år, dvs. til 1. januar 1967).

Av løyvinga i 1966 har Kulturrådet betalt ut kr. 91 500 som er tilseigner gitt av departementet i 1965. Dessutan har Kulturrådet teke på seg tilseigner på i alt kr. 397 600 som har vore gitt av departementet, og som kjem til utbetaling i 1967 eller seinare.

I brev av 4. mai 1966 til Kyrkje- og undervisningsdepartementet har Bildende Kunstneres Styre og Norske Arkitekters Landsforbund sagt frå om kva syn desse organisasjonane har på saka. Bildende Kunstneres Styre og Norske Arkitekters Landsforbund finn det rimeleg at den oppgåva å gi tilskott til kunstnarleg utsmykking av eldre bygg, må konkurrere på like fot med andre kulturoppgåver som Kulturfondet må ta på seg. Men når det gjeld statens nye bygg, meiner dei den kunstnarlege utsmykking bør vere ein del av dei byggjekostnader ein reknar med ved bygget.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet sende brevet over til Kulturrådet og bad om fråsegn, og Wilhelmsen-utalet har teke det med under sine drøftingar. Framleggget frå Wilhelmsen-utalet til retningsliner etter 1. januar 1967 vart vedteke på rådsmøte 17. oktober og sendt Kyrkje- og undervisningsdepartementet som tilråding med brev av 4. november.

Tilrådinga følgjer årsmeldinga som vedlegg nr. 6.

I tilrådinga seier Rådet at det kjenner seg forplikta ikkje berre overfor statsbygg, men for offentlege bygg og anlegg i det heile. Rådet har komme fram til at løysinga bør kunne finnast etter følgjande retningsliner:

I. Nye statsbygg blir skilte ut som eiga gruppe. Kunstnarleg utsmykking bør vere

ein del av sjølve byggjeoppgåva, såleis at kostnadene blir rekna med ved kalkylen.

Til byggjeplanen bør knyttast ein kunstnarleg sakkunnig konsulent, godkjend av Bildende Kunstneres Styre.

II. Eldre statsbygg og andre offentlege nye og eldre bygg og anlegg bør kunne få tilskott av Norsk kulturfond til kunstnarleg utsmykking.

Med godkjenning av departementet vil Rådet setje ned eit permanent sakkunnig utval på 5 medlemmer: 2 oppnemnde av Rådet, 2 etter framlegg av Bildende Kunstneres Styre og ein etter framlegg av Norske Arkitekters Landsforbund. Dette utvalet bør ha fagleg og kunstnarleg kompetanse til å gi fråsegn om fordeling av løyvinga og til å vurdere sakene kunstnarleg. Det vil såleis bli ei meir rasjonal ordning enn den vi nå har, med eitt rådgivande utval oppnemnt av departementet, og dessutan eit konsulentutval oppnemnt av Bildende Kunstneres Styre, som gir kunstnarleg tilråding til det førre utvalet.

Kulturrådet er på det reine med at ei ordning etter desse retningsliner ikkje let seg gjennomføre før i 1968, men har bede om at Kyrkje- og undervisningsdepartementet tek saka opp ved førebuing av budsjettet for 1968. For 1967 reknar Rådet med at utsmykking av alle slag offentlege bygg må gå av fondet.

Materialfond for biletkunstnarar.

Styret for fondet (Bjartmar Gjerde, Chrix Dahl, Stinius Fredriksen, Irma Salo Jæger) har arbeidt etter statuttane som Rådet fastsette i 1965, (sjå årsmelding 1965, vedlegg nr. 2).

Desse har hittil fått lån av fondet:

Siri Aurdal	kr.	15 000
Maja Refsum	»	7 000
Skule Waksvik	»	15 000
Solveyg W. Schafferer	»	12 000
Fritz Røed	»	10 500
Berit Soot Kløvig	»	12 000
Arnulf Bjørndal	»	15 000
Emil Lie	»	10 000
Ernst Magne Johansen	»	3 825
Erling Saatvedt	»	8 550
Ørnulf Bast	»	23 000
Arne Vinje Gunnerud	»	14 500
Lars K. Gulbrandsen	»	4 500
Frantz Widerberg	»	10 000
<hr/>		
	kr.	160 875

I alt har styret handsama 17 søknader.

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

Tilskott til utstillingar, eingongstiltak o.a.			
Desse tilskott er gitt:			
Kunstner forbundet, tilskott til Bonnardutstillinga	kr. 15 000	Rasmus Meyers Samlinger, tilskott til jubileumsskrift (50-årsjubileet)	» 25 000
Studieatelieret i Bergen, til avtrekkskammer for grafikk ..	» 3 400	Storeldalsstiftelsen (sjå øg kap. Musikk)	» 80 000
Norske Grafikere, til tekniske hjelpe middel ved verkstader ..	» 10 000	Tidsskriftet Bonytt, til fargereproduksjonar og kunstnarlege illustrasjonar (sjå øg kap. Tidsskrift)	» 37 500
Unge Kunstneres Samfund til a) 4 utstillingar i utlandet og «Byens bilde» i Stavanger og Bergen	» 15 000	Lillehammer bys malerisamling og Trondhjems Kunstforening, tilskott til Jean Heiberg-utstilling	» 6 000
b) Førebels tilskott til plan om Kunst i Forsvaret	» 5 000	Kunst i skolen til a) utgiving av eit Nordraaklitografi til 100-årsdagen for Nordraaks død	» 10 000
c) Tilskott til jubileumsutstilling hausten 1966	» 4 100	b) kjøp av norske målarstykke til vandreutstilling	» 30 000
d) Tilskott utstilling under Kulturveka i Oslo	» 2 100	Drammen Kunstforening, til kjøp av Peder Balkes «Marine» ..	» 3 000
Ingebright Vik Museet, jubileumsbok om Ingebright Vik	» 10 000	Mandal og Omegn Kunstforening, til kjøp av målarstykke av Hugo Lous Mohr	» 1 500
Grundt Tanums Forlag, trykkingstilskott til J. F. Michelet: «Kunst og Kritikk» .. .	» 10 000	Tidsskriftet Kunst og Kultur, omframutgifter til fargeklijser for særnummer ved 50-årsjubileet for Rasmus Meyers Samlinger	» 2 600
Christiansands Kunstforening. Innkjøp av Jean Heiberg: «Fra Skåtøy» .. .	» 15 000	Wildenveykomitéen, tilskott til statue i Nedre Eiker (v/ Ørnulf Bast)	» 5 000
Østfold tekniske skole, tilskott til kjøp av relief av Kåre Orud	» 8 000	Hauklandkomitéen, tilskott monument over Torkjell Haugerud i Bø, Telemark (v/Dyre Vaa)	» 5 000
Målaren Rolf Aamot til a) demonstrasjon av biletkonserthinstrument for Rådet ..	» 1 000	Hauklandkomitéen, tilskott monument over Andreas Haukland i Mosjøen (v/Hjalmar Hansen)	» 5 000
b) Til utgreiing i andre europeiske land om metodar og apparatur til å konstruere fargemusikk-lys-målarstykke	» 15 000	Høyanger Fagsamskipnad, tilskott monument «Til arbeidsmannen» (v/Odd Hilt)	» 5 000
Norsk Billedhuggerforening, til a) bokverk om norsk skulptur ..	» 25 000	Inntrøndelag Ungdomsskipnad tilskott monument over Ole Vig i Stjørdal (v/Hjalmar Hansen)	» 5 000
b) vandreutstilling av norsk skulptur .. .	» 20 000	Norsk Billednev A/S, til kopiering av eit norsk biletteppe i Kunstindustrimuseet i Oslo (jfr. øg årsmelding 1965, s. 29)	» 20 000
Namsos Kunstforening, til kjøp av målarstykke av Johs. Rian og til kunstfondet i foreninga	» 25 000	Til saman kr. 621 700	
Nasjonalgalleriet til a) kjøp av Dürers serie Apokalypse	» 17 500		
b) til kjøp av romerske hovud frå Harry Fetts samlingar ..	» 100 000		
c) til kjøp av 5 trykk av Picasso	» 15 000		
Riksgalleriet, til kjøp av 2 målarstykke av Bjarne Ness og Kai Fjell	» 40 000		
Trondhjems Kunstforening, til innkjøp av målarstykke av Arne Ekeland og Erling Enger	» 25 000		

Årsmelding 1966 fra Norsk kulturråd.

Arbeid for norsk biletkunst i utlandet.

Rådet har drøfta denne saka på fleire møte og har utforma mandat for ein utgreiingsmann (sjå kap. I, Utval og utgreiingar).

Rådet har bede målaren, sekretær i Bergen Kunstforening, Per Remfeldt, om å ta på seg denne oppgåva, og vil rekne med pengar til dette i budsjettet for 1967.

Sakkunnig gjennomgåing av kunst i lokale kunstforeningar.

Som nemnt i årsmeldinga for 1965 sette Rådet av kr. 40 000 til ei slik gjennomgåing, som teknisk konservator Jan Thurmann-Moe tok på seg. Sommaren og hausten 1966 reiste han frå Vadsø og vitja alle fylke. Eit samandrag av rapporten hans følgjer som vedlegg nr. 7.

Thurmann-Moe vitja i alt 62 stader, registrerte 127 samlingar eller institusjonar og såg over 116 samlingar, med nærmere 20 000 biletar. Av desse treng $\frac{1}{3}$ restaurering, noko som ville koste nærmere ein og ein kvart mill. kroner, til dette ville komme reparasjon av rammer o. a.

Som konklusjon konstaterer rapporten at det trengst særskilt mykje restaurering i dei lokale samlingane, og dette arbeidet ligg mange stader sorgjeleg til atters.

Rådet har delt dei bileta Thurmann-Moe har gjennomgått i 2 grupper: biletar av kunstnarleg verdi, og biletar av kulturhistorisk verdi. Av den siste gruppa er det t. d. mange gamle skutebilete.

Thurmann-Moe peikar på 2 oppgåver som kjem høgast på prioritetslista: Restaurering av 12 ikonar frå 1500-talet i det gresk-katolske kapellet i Neiden i Sør-Varanger, og av Louis Philippe-rommet i Nordland fylkeslandbrukskole i Bodin.

Rådet vil komme attende til heile dette problemkomplekset i 1967. Førebelser er det avsett kr. 75 000 av budsjettet for 1967 til restaurering av biletkunst i samlingane, og kr. 40 000 av kulturvernmiddelet til tiltak i Nord-Noreg (ikonane i Neiden og Louis Philippe-rommet i Bodin).

Dessutan planlegg Rådet eit spesialistseminar med inviterte ekspertar frå dei andre nordiske landa, til å gjennomdrøfte dei spørsmål som reiser seg i samband med restaurering og utbygging av restaureringsateljer.

Rådet vil elles arbeide vidare med spørsmål om å byggje opp «landsdelsgalleri», slik vi har nemnt i Innstillinga til departementet om fordeling av midlar i 1966.

Film.

Ved kongeleg resolusjon av 29. april 1966	
vart løyvt:	
til Norsk Bygdekino A/S	kr. 150 000
til produksjon av frie kunstnar-	
lege kortfilmar	» 250 000
	kr. 400 000

Norsk Bygdekino A/S fekk i 1965 kr. 200 000 til å halde oppe drifta på småstader. Rådet viser til det som vart sagt i årsmeldinga for 1965 om denne løyvinga (s. 28).

Ved utgangen av året hadde Norsk Bygdekino A/S bruk om lag kr. 100 000 til utvida verksemder på dei stadene som var nemnde i soknaden, og kr. 100 000 vart førde over til 1966.

Drifta i 1965 og første halvåret 1966 viste jamn nedgang, og med brev av 24. juni 1966 vende selskapet seg til Kyrkje- og undervisningsdepartementet og bad om drøftingar. Selskapet melde samstundes at skulle det halde fram med drifta, måtte ein rekne at aksjekapitalen ville vere brukt opp i driftsåret 1967. Formannen i Kulturrådet var til konferanse i Kyrkje- og undervisningsdepartementet om saka, og 6. juli 1966 sende departementet saka over til Kulturrådet med dette brevet:

«Vi viser til konferanse i Kirke- og undervisningsdepartementet 17. juni 1966 angående Norsk Bygdekino A/S.

Vedlagt oversendes brev med bilag av 24. juni d. å. fra selskapet. Som det fremgår herav står selskapet overfor en situasjon som gjør det nødvendig enten med en subsidiering av driften eller nedleggelse av virksomheten.

Departementet mener det er nødvendig med ein nøyde vurdering av de spørsmål som reiser seg i denne forbindelse. Vi viser til de opplysninger som er lagt fram av styret i selskapet i ovennevnte brev og tør be om Norsk Kulturråds uttalelse og vurdering av selskapets formål og virksomhet sett i et videre perspektiv og i relasjon til andre beslektede kulturtiltak.

Departementet antar at saken bare kan finne sin endelige løsning ved behandling i Stortinget. Det er derfor ønskelig at man får en bred kulturell vurdering som grunnlagsmateriale for en slik behandling. Vi tør be om at Norsk kulturråd påtar seg dette arbeid.»

Rådet drøfta saka på møtet 17. oktober 1966 og sa seg viljig til å ta på seg det utgreiingsarbeidet departementet hadde bede om. Rådet vedtok å setje ned eit utval. (Om samansetning og mandat, sjå kap. I, Utval og utgreiingar).

Rådet viste vidare til det store arbeid Norsk Bygdekino A/S har gjort og framleis gjer for å gi dei grisgrendte stroka i landet film-

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

framsyningars, og bad Kyrkje- og undervisningsdepartementet leggje fram tilråding for Stortinget om at Norsk Bygdekino A/S frå 1967 måtte få eit statstilskott så stort at institusjonen kunne halde fram med verksemda til Rådet kunne få lagt fram si tilråding og få den vurdert i departementet.

19. oktober 1966 var det interpellasjon i Stortinget om saka. Statsråd Bondevik svara at spørsmålet om stoda til Norsk Bygdekino A/S i framtida får vente til den nemnde utgreiinga ligg føre.

3. november 1966 sende Norsk Bygdekino A/S nytt brev til Kyrkje- og undervisningsdepartementet, med utgreiing om den ruteplanen for 1967 som selskapet hadde vedteke 5. september 1966, og som gjekk ut på ein reduksjon av drifta på 40 pst. samanlikna med 1966. Norsk Bygdekino A/S gjorde i tillegg framlegg om å setje inn 2 båttournéar og 2 biltournéar. Eit samla tilskott på kr. 436 000 ville da vere naudsynt. I denne summen vart medrekna renter på statslån for 1966 og 1967 med til saman kr. 121 000, og eit driftsunderskott for 1966 på kr. 25 000.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet sende brevet til Rådet og bad Norsk kulturråd vurdere om Kulturfondet kunne gi tilskott til Norsk Bygdekino A/S i den tida utgreiingsarbeidet varer. På rådsmøte 15. desember 1966 gjorde Rådet vedtak om ei tilsegn på kr. 290 000 til Norsk Bygdekino A/S i 1967, stort nok til den driftsplanen selskapet gjorde framlegg om 3. november 1966, (men ikkje til å dekkje renter av lån frå staten og underskottet på kr. 25 000 for 1966).

Frie kunstnarlege kortfilmar.

Rådet viser til det som er sagt i årsmeldinga for 1965 om tilhovet mellom statsbudsjettet og fondet (kap. II, Oppgavefordeling mellom statsbudsjettets kulturkapitler og fondet).

Kyrkje- og undervisningsdepartementet sende våren 1966 over til Kulturrådet alle dei søknadene som var komne inn til departementet, og som ikkje hadde fått tilskott av dei kr. 600 000 som departementet i 1966 brukte som tilskott til kortfilmar. Det var i alt 47 søknader, men av desse var det berre 9 som etter vurdering i Rådet kunne seiast å gjelde frie kunstnarlege kortfilmar. Dei andre galdt vanlege dokumentarfilmar, og vart sende attende til departementet. Dei 9 søknadene vart sende over til Norsk Film A/S. Norsk Filmforbund har i samråd med Norsk Film A/S sett ned eit eige utval for frie kortfilmar til å vurdere søknadene og leggje opp programmet, som blir administrert av Norsk

Film A/S. Ramma for programmet vart sett slik:

«Motiva skal helst vere knytt til norsk liv i 1960-åra, men dette skal ikkje vere eit ufråvikeleg vilkår». Programmet har vore kunn gjort gjennom annonsar i dagspressa og i Norsk Lysingsblad.

I alt 8 filmar skal produserast i dette «Kulturfondsprogrammet». 3 av dei er ferdige i 1966, dei 5 siste blir ferdige dei første månadene i 1967. Alle 8 filmar vil bli viste samla ved ei offentleg framsyning i Oslo.

Rådet kjenner seg ikkje overtydd om at ein har funne fram til dei beste retningslinene for oppgåvefordelinga mellom statsbudsjettet og fondet i denne saka. Departementets rådgivande utval for kortfilmar har i si fråsegn til departementet peika på at i praksis er det nær sagt uråd å skilje mellom frie kortfilmar og dokumentar-, kultur- og undervisningsfilmar, og at alle tilskott til kortfilmar bør vurderast i samanheng.

Norsk Filmforbund og Norske Kortfilmprodusenters Forening har i konferansar i departementet hevdat det same synet, og sagt at dei frie kunstnarlege kortfilmane no er rivne ut av samanhengen med den andre kortfilmproduksjonen. All kortfilmproduksjon burde få tilskott over statsbudsjettet, vurdert i samanheng. Tilskott frå Norsk kulturfond burde gå til andre stimulerande tiltak for norsk filmkunst.

I statsbudsjettet for 1967 (kap. 358), er ikkje løvvinga til kortfilmproduksjon auka. Det heiter i proposisjonen:

«Vi reknar med at frie kunstnarlege filmar får tilskott frå Norsk kulturfond i samsvar med dei retningslinene Norsk kulturråd har lagt opp.»

Rådet er såleis førebudd på å gi tilskott til frie eksperimentfilmar i 1967, men dette avgrensar dei høve Rådet elles ville ha til andre stimuleringstiltak, som til dømes særskilde prisar til verdfulle produksjonar, tilskott til særlege, større nasjonale produksjonar som ikkje kan fullfinansierast under den vanlege tilskottsordninga, tilskott til særleg utstyr el. a.

Rådet har fått eit par søknader om tilskott til førebuande manuskriptarbeid med filmar som seinare tek sikte på å få vanleg tilskott under stønadsordninga. Rådet er på det reine med at eitt av dei vanskelegaste stega i ein filmproduksjon er perioden frå filmskaparen har fått og klårlagt ein idé, og til den ferdige dreieboka ligg føre. Berre få selskap har likvide middel å setje inn i dette naudsynte førebuingssarbeidet. Innanfor stønadsordninga, slik

Årsmelding 1966 fra Norsk kulturråd.

ho nå er, er det ikkje heimel for å gi tilskott til førebuande arbeid. Spørsmålet er blitt reist om Kulturrådet kan gjøre noko her. Her vil ein måtte sjå konsekvensane: Rådet kan komme til å få søknader frå alle litt større filmprosjekt om tilskott til førebuande arbeid, og vi ville få ein særskild lekk i stønadsordninga som blir finansiert av Norsk kulturfond. Rådet meiner stønadsordninga bør utvidast slik at det kan bli mogleg å gi tilskott til førebuingsarbeid. Rådet vil arbeide vidare med retningsliner for tiltak for norsk filmkunst.

I 1966 har Rådet av dei kr. 275 000 som var sett av til Generell disposisjon, dessutan gitt desse tilskott til filmformål:

Norsk Filminstitutt, omframtid tilskott til utstyr (ein 35 mm framvisar)	kr. 30 000
Norske Kortfilmprodusenters Forening, til kortfilmfestival og seminar	» 15 000
Filmtidsskriftet FANT, eingongstilskott	» 10 000

Kulturvern.

I alt kom det i 1966 inn 100 søknader, med ein samla søknadssum på kr. 10 193 815, 15 av søknadene nemner ikkje søknadssum.

Søknader om større tilskott til innreingsarbeid, ombyggingar eller nybygg ved musea er rekna med under kulturvernbygg.

Ved kongeleg resolusjon av 29. april 1966 vart i alt avsett kr. 1 200 000 til kulturverntiltak, med denne fordelinga:

1. Tofte gard på Dovre, restaurering	kr. 150 000
2. Danckert Krohns stiftelse, restaurering	» 50 000
3. Stavanger Museum, sikring av Rehaugane	» 50 000
4. Lade gård, Trondheim, istandsetjing av uthus	» 75 000
5. Stiftelsen Rød Herregård, restaurering	» 35 000
6. Lårdal Bygdemuseum, tilskott til utstillingsbygg ..	» 50 000
7. Ledaal, Stavanger, utbetring av hus	» 30 000
8. Selje Kloster, restaurering	» 10 000
9. Folkemuseet for Trondheim og Trøndelag, flytting av hus	» 50 000
10. Foreningen til fortidsminnesmerkers bevaring, Kvernes stavkyrkje, konservering	» 25 000
11. Bergen avdeling av Foreningen til fortidsminnesmerkers Bevaring, til registrer-	

ringsarbeid (10 000 løyvt i 1965)	» 20 000
12. Ringve Museum, katalogisering	» 15 000
Dessutan vart avsett til omframtiltak ved dei kulturhistoriske musea:	» 330 000
Restaurering av kulturhistorisk verdfulle hus og anlegg	» 210 000
Til rådvelde til andre tiltak	» 100 000

Til saman kr. 1 200 000

I. Til omframtiltak ved dei kulturhistoriske musea.

(Kr. 330 000 + kr. 42 000 overført frå 1965.)

Desse har fått tilskott i 1966:

1. Tromsø Museum, oppbygging av permanente utstillingar	kr. 75 000
2. Romsdalsmuseet, til flytting av garden Daugstad	» 50 000
3. Sunnmøre Museum, til reising av setergrend	» 25 000
4. Grimstad Bymuseum, Ibsenhuset til brannsikring	» 25 000
5. Lands Museum, til flytting av «Nøsteliløkka» o.a. tiltak	» 25 000
6. Sør-Varanger historiske samlingar, ymse tiltak i samråd med Tromsø Museum	» 25 000
7. Troms Folkemuseum, flytting av trev	» 25 000
8. Moss og Omegns Museumslag, montering av Rahbek ..	» 20 000
9. Hol Bygdemuseum, tilskott til utstillingsbygg	» 20 000
10. Tinn Museum, til oppretting av skolemuseum	» 15 000
11. Oppdal Museumsdag, til flytting av Skjørstadstogo	» 10 000
12. Vardal-Snerdingdal Museumsdag, til flytting av verkstad	» 10 000
13. Sunnhordland Folkemuseum, til omframtid vedlikehaldsarbeid	» 10 000
14. Lom Heimbygdsdag, flytting av låve til bygdetun	» 8 000
15. Namdalsmuseet, til flytting av «bakarhus»	» 5 000
16. Hallingdal Folkemuseum, til flytting av trev	» 5 000
17. Singsås Bygdemuseum, til flytting/ominnreiing av museet	» 5 000

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

18. Marinemuseet, Horten, til reparasjon og beringing av kanonbåt	»	4 000
19. Dalane Folkemuseum, oppsetjing av gjerde	»	4 000
20. Selbu Bygdemuseum, flytting og istandsetjing av kvernsteinstove	»	4 000
21. Larvik og Omegns Museumsforening, til utgassing av møblar, Herregården i Larvik	»	2 800
22. Askim Historielag, til flytting av bygning til bygdetun	»	2 000
23. Hålogaland Historielag, til «Hålogygminne» (har tidelegare hatt statstilskott)	»	2 500
24. Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer, til ymse tiltak	»	6 500
<hr/> Til saman		kr. 383 800

Rådet har såleis brukt kr. 11 800 meir enn dei kr. 372 000 det hadde til rådvelde. Denne summen er tatt av dei kr. 275 000 Rådet hadde til Generelt rådvelde. Kr. 107 500 til innreiling av Aust-Agder Museum er gitt av løvvinga til Kulturbrygg.

II. Til restaurering og istandsetjing av kulturhistoriske verdfulle hus, o.a.

(Kr. 210 000 + kr. 7 000 overført frå 1965).

1. Holm, Os i Tolga, til restaurering av freda bygning	kr. 50 000
2. Olav Viken, Volland i Kvikne, til restaurering av freda bygning	» 50 000
3. Johannes Fladhammer, Luster, Sogn og Fjordane, til restaurering av freda bygning	» 25 000
4. Olaf Aannerud, V. Toten, til restaurering av freda bygning	» 25 000
5. Foreningen Nes Verks Venner, ved fylkeskonservator i Aust-Agder, til å setje i stand bygninga ved Nes Verk	» 25 000
6. Fru Signe Frisheim, Røisheim, til restaurering av freda bygning på gammal gjestgivargard, skysstasjon	» 22 000
7. Komitéen for restaurering av Agerøy Fort	» 20 000

Tilskott til restaurering og istandsetjing er gitt i samråd med Riksantikvaren. (Sjå kap. I, Samarbeid med andre institusjonar).

Av dei kr. 100 000 avsett til rådvelde i 1966 med tillegg av kr. 30 000 overført fra 1965 er gitt desse tilskott:

1. Rød Herregård, tilskott til reising av arkivbygg (Rådet har gitt tilslagn om i alt kr. 50 000 og vil gi kr. 25 000 i 1967) .. kr. 25 000
2. Foreningen til Fortidsminnesmerkes Bevaring, til årbok .. » 10 000
3. Hamre Sokneråd, restaurering av altartavle i Hamre kyrkje, Osterøy .. » 8 000
4. Ulvik Opplysningsråd, til kopi av antemensale .. » 6 000
5. Årbok for Glåmdalen, (har før hatt statstilskott) .. » 1 000

Til fornminnetiltak:

- a. Til kjøp av grunn til å tryggje fornminnet Hunn i Borge kr. 33 000
- b. Til å tryggje fornminneområdet Valseide, Bjugn, Sør-Trøndelag » 14 000
- c. Kjøp av grunn til å tryggje fornminneområdet Vollmoen, Steigen, Nordland .. » 33 000

Tilskott til tryggjing av fornminne er gitt i samråd med «Fornminneutvalget», (sjå kap. I. Utval og utgreiingar). Det samme gjeld dei kr. 50 000 til tryggjing av Rehaugane, som vart gitt ved Kgl. res. av 29. april 1966.

I april 1966 la utvalet fram eit førebels oversyn, og sette opp ei liste med bortimot 300 fornminne der tryggjing burde prioriterast, av dei i alt mellom 100 000 og 200 000 fornminne som er freda. Utvalet meiner det er naudsint å skjere ned lista enno meir. Den endelige tilrådinga frå Fornminneutvalet vil venteleg ligge føre på nyåret 1967.

Rådet har fått i alt 29 søknader om tilskott til historielag, lokalhistoriske tidskrift og bygdebøker. Dessutan er det komme søknader frå landsomfattande institusjonar: Norsk lokalhistorisk institutt og Landslaget for bygde- og byhistorie om tilskott til Norsk historisk leksikon, frå Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring om tilskott til årboka, og frå Universitetsforlaget og Landslaget for bygde- og byhistorie om tilskott til tidsskriftet Heimen.

Rådet har drøfta spørsmålet om Norsk historisk leksikon med Norges almenvitenskapelige forskningsråd, da Rådet meiner ein her får vurdere om eit samarbeid er mogleg. Tilskott er difor ikkje gitt av Kulturfondet i 1966.

Når det gjeld årboka til Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring og Heimen, viser vi til det som er sagt i kapitel III, Tidsskrift.

Årsmelding 1966 fra Norsk kulturråd.

Når det gjeld søknadene (i alt 29) om tilskott til bygdebøker, årbøker for historielag og lokale musé, reknar Rådet at dette bør vere lokale oppgåver som kommunar, fylke eller andre lokale instansar bør finansiere. Dersom Kulturfondet skal stø slike tiltak blir det uråd å sjå konsekvensane. Berre i ein skilde høve bør ein gjere unnatak frå denne regelen. Såleis har Rådet i fjor gitt kr. 2 500 til tidsskriftet Håløygminne, som eit eingongs-tiltak. Håløygminne har tidlegare hatt tilskott på statsbudsjettet, og er det einaste tidsskrift som dekkjer heile den nordlege landsdelen.

Rådet har også fått søknader om tilskott til restaurering, reparasjon eller vedlikehald av kyrkjer. Eit par av dei er sende over frå Kyrkjeavdelinga i departementet og har vore drøfta med Kyrkjeavdelinga og med Riksantikvaren.

Rådet viser til dei vanlege retningsliner om at vedlikehald av kyrkjer er kommunale oppgåver. Der det kan vere spørsmål om å gi statstilskott meiner Rådet at som generell regel bør søknadene bli handsama på same måte som tidlegare, det vil seie av Kyrkjeavdelinga i departementet etter fråsegn frå Riksantikvaren, med tanke på tilskott frå kapittel 222, Kyrkjer. Kulturfondet bør ikkje ta over oppgåver frå dette kapittel i statsbudsjettet. Men i særskilde høve må det vere rett å gi tilskott av fondsmidlar. Som det går fram av oversynet, har Rådet gitt kr. 10 000 til restaurering av Selje Kloster, til konserveringstiltak i Kvernes stavkyrkje kr. 25 000, til restaurering av altartavle i Hamre kyrkje, Osterøy, kr. 8 000 og til kopi av antemensale i Ulvik kyrkje, kr. 6 000. Elles kan det vere særskilde saker som Riksantikvaren ikkje kan løyse ved tilskott frå departementet eller frå sitt eige budsjett, der Rådet bør drøfte om det kan vere rimelig å gi tilskott av fondsmidlar.

I tillegg til dei tilskott som her er nemnde, har Rådet løyvt av midlar avsette til Generell disposisjon:

Utanriksdepartementet, Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet, til kopi av Osebergskipet til utstillingar i utlandet kr. 30 000

(Det er føresetnaden at modellen også skal brukast til utstillingar i Noreg).

Forlaget Land og Kirke, som tilskott til dekkjing av underskott og til tilleggshonorar til forfattaren av bokverket «Domkirken i Trondheim» » 15 000
(Sjå elles avsnittet Andre formål).

Kulturbrygg.

Til saman har det i 1966 komme inn 40 søknader med ein samla søknadssum på om lag 17 mill. kr. 4 av søknadene nemner ikkje søknadssum. Som nemnt under Biletkunst og Kulturnvern er søknader om større tilskott til innreiingar, reparasjonar og installering av lysanlegg rekna som byggesaker, og tekne med der.

Det Norske Teatret søker om eit samla tilskott på 15 mill. kr. delt på 5 år. 3 mill. kr. er difor rekna med i summen ovanfor. På same måte er rekna med 1,5 mill. kr. til kvart av bygga: Konserthuset i Oslo og Grieghallen i Bergen.

Ved Kgl. res. av 29. april 1966 vart løyvt:

1. Grieghallen i Bergen, avsetjing nybygg	kr. 1 500 000
2. Konserthuset i Oslo, avsetjing nybygg	» 1 500 000
3. Ibsen-teatret i Skien, tilskott nybygg	» 500 000
4. Drammen Teater, tilskott til restaurering	» 150 000
5. Haugesund Kunstforening, utstillingsbygg	» 100 000
6. Horten Kunstforening, innkjøp og restaurering av Apenes-garden	» 100 000
7. Fredrikshald Teater, tilskott til restaurering	» 100 000
8. Kunstnernes Hus, tilskott til reparasjonar	» 40 000
9. Kunstabakademiet, til reparasjon av det norske kunstnarhuset i Paris	» 50 000
Til saman	kr. 4 040 000

Vidare vart avsett:

Tilskott til innreiing av bibliotekbygg	» 100 000
Tilskott til prosjekt, forarbeid og til rådvelde til byggjetiltak 1966	» 760 000
Til saman	kr. 4 900 000

Om Konserthuset i Oslo og Grieghallen i Bergen viser Rådet til det som vart sagt i årsmeldinga for 1965 (s. 31).

Ibsenforbundet søker om kr. 2 mill. av ein byggjesum på ca. kr. 12 mill. Skien kommune har sett ned eit arbeidsutval til å førebu byggjarbeidet. Arkitektkonkurranse er utlyst. Bygget skal ha teater-, konsert- og kinosal, utstillingssal og andre lokale for Skien Kunstforening m.v.

Drammen Teater sökte om kr. 250 000. Bygningen har stort kulturhistorisk

Årsmelding 1966 fra Norsk kulturråd.

og antikvarisk verd, men treng oppussing, og varmeanlegget må byggjast om.

H a u g e s u n d K u n s t f o r e n i n g . Kunstforeninga går saman med folkeakademiet om bygget, med kombinert utstillings- og foredragssal. Bygget er kalkulert til kr. 300 000, og foreninga disponerer sjølv ca. kr. 190 000, inklusive ei første løyving frå Rogaland fylke på kr. 20 000.

H o r t e n K u n s t f o r e n i n g søkte om kr. 250 000 til å kjøpe og restaurere eigedomen til Eidsvollsmanen Ole Rasmussen Apenes. Foreninga får kjøpt eigedomen rimelig frå kommunen. Her vil kunne bli utstillingslokale for biletkunst, med foredrags- og møterom. Restaureringsarbeidet skal godkjennast av Riksantikvaren.

F r e d r i k s h a l d T e a t e r søkte om kr. 173 000 til restaurering. Bygningen er frå teaterhistorisk synsstad ein av dei mest interessante vi har. Etter restaureringa vil Riksteatret kunne spele der.

K u n s t n e r e s H u s, Oslo søkte om kr. 60 000 til omframtid reparasjonsarbeid.

D e t n o r s k e k u n s t n a r h u s e t i P a r i s har eit lite årleg tilskott på budsjettet til Statens Kunstakademi. Det har skorta svært mykje på vedlikehald gjennom mange år, og ein grundig reparasjon var naudsynt. (Sjå nedanfor om omframloyming).

Tilskott til innreiing av biblioteksbygg.

Rådet viste i si innstilling av 29. april 1966 til St. prp. 130 for 1964—65. Særlege retningslinjer for tiltak som gjeld norsk litteratur, pkt. 8, departementets merknader som peika på at i særlege høve kunne det vere formålstenleg å gi økonomisk hjelp til innreiing.

Rådet sette av kr. 100 000 til tilskott til innreiing, og bad Statens bibliotektilsyn gi tilråding om fordeling av løyvinga. Bibliotektilsynet gav tilråding om tilskott til i alt 55 mindre bibliotek. Rådet følgde tilrådinga. Departementet gav sitt samtykke, men sa samstundes frå om at Rådet i 1967 ikkje burde planleggje slike tilskott. I samsvar med dette vil Rådet ikkje rekne med tilskott til innreiing av mindre folkebibliotek i 1967, og Statens bibliotektilsyn har fått melding om dette.

Tilskott til prosjekt og forarbeid, og til byggjetiltak i 1966.

Desse tilskott er gitt:

1. D e S a n d v i g s k e S a m l i n g e r .

Tilskott til reising av konsert- og kongresshall. Byggjesummen er rekna til 1,9 mill. kr.

Kommunen garanterer for eit førsteprioritetslån på 1 mill. kr., og garanterer dessutan eit eventuelt driftsunderkott. De Sandvigske Samlinger skal eige og drive hallen som òg skal nyttas til utstillingsformål kr. 400 000

2. S t a t e n s K u n s t a k a d e m i	omframtilskott til reparasjon av kunstnarhuset i Paris. (Jfr. ovafor). Statens byggje- og eigedomsdirektorat tilrådde eit dyrare tilbod enn det opphavleg var rekna med ..	» 15 000
3. H å l o g a l a n d T e a t e r - s e l s k a p	tilskott til byggjing av pro- vescene	» 80 000
4. V e s t l a n d s k e K u n s t - i n d u s t r i m u s e u m	tilskott til arkitektkonkurranse (Bergen kommune gir samme summen).	» 42 500
5. D e s a m i s k e s a m l i n g e r i K a r a s j o k	tilskott til brannsikra nybygg Kr. 15 000 av denne summen skal nyttast til utgreiingsarbeid i samband med revisjon av teikningane.	» 115 000
6. A u s t - A g d e r m u s e e t	tilskott til innreiings- og monteringsarbeid	» 107 500
Til saman	kr. 760 000	_____

Rådet har gjort vedtak om avslag på søknader om tilskott til innreiing av scener i samfunnshus. Ein vil få uklare tilhøve til statsbudsjettet om Rådet skal gi tilskott av kulturfondmiddel til samfunnshus, som kan få tilskott anten av tippemiddel eller beinveges over kap. 367.

Søknader frå teater om tilskott til nybygg eller lysanlegg, har Rådet utsett til 1967.

Desse teatra søker:

Den Norske Opera (lysanlegg)	kr. 1 600 000
Det Norske Teatret (nybygg)	» 15 000 000
Rogaland Teater (nybygg)	» 1 000 000
Trøndelag Teater (magasinrom)	» 100 000

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

Hålogaland Teaterselskap (lysanlegg)	»	50 000
Christiansand Teater (nybygg)	»	800 000
Til saman	kr.	18 550 000

Frå Det Norske Teater ligg det føre teikningar og reguleringsplan for Karl Johanskvartalet, og finansieringsplan for bygget. Etter konferanse med styre og teatersjef har Rådet sendt denne saka over til Kyrkje- og undervisningsdepartementet og bede om drøftingar. Den summen det er søkt om, sprengjer ramma for det Kulturfondet kan gi til eit einskilt bygg, og både av den grunn og som interessentar i drifta må departementet og Oslo kommune sjå på saka.

Mange av søkerne om tilskott til kulturbygg har vore heller svakt førebudde, med uklare finansieringsplanar og framdriftsplana. Rådet meiner difor det er rett å ha ein sum til rådvelde til tilskott til førebuings- og prosjekteringsarbeid.

Elles representerer søkerne om tilskott til kulturbygg søkeradssummar som går langt over dei tilskott som det kan vere råd å gi innan den nåverande ramma for Kulturfondet. I årsmeldinga for 1965 har Rådet sagt om dette:

«Behovene er imidlertid så enorme at Kulturfondets midler ikke står i noe forhold til oppgaven. Når vi samtidig ser hvordan behovene vokser på de andre områder fondet skal dekke, synes det klart at i framtiden må enten kulturbyggeoppgavene tas ut av fondets virksomhetsområde eller det må foretas en betydelig økning av fondets midler. I alle tilfelle må det være klart at rene statsbygg bør finansieres over statsbudsjettet, mens fondsmidlene brukas til toppfinansiering av lokalt finansierte bygg.»

I Innstilling S. nr. 36 har Kyrkje- og undervisningsnemnda sagt seg samd med Rådet i at tilskott av fondsmidlane som regel ikkje bør bli gitt til rene statsbygg.

I 1967 vil Rådet freiste å få til eit samla oversyn over kva som trengst av kulturbygg rundt om i landet, slik at det kan bli mogleg å leggje ein landsplan med oppgåver som bør prioriterast innan ein 10-års bokl.

Som kulturbygg reknar Rådet:

Teaterbygg, konsertbodygg, musé, kunstgalleri og kunstforeningsbygg, kunstskolar og dessutan kombinerte bygg, der ein vil føre saman tiltak som teater, konsertar, kino, utstillingar, foredragslokale o. a. møtelokale, bibliotek o. a. Der ein del av bygget vil vere ei kommunal oppgåve, som til dømes kino og bibliotek, vil ein ta omsyn til dette ved vurderinga av finansieringsplanen.

Tidsskrift og periodiske publikasjonar.

Ved kongeleg resolusjon av 29. april 1966 vart det løyvt i alt kr. 400 000. Av denne summen rekna Rådet med å bruke om lag kr. 300 000 til litterære tidsskrift, til tidsskrift for biletkunst og brukskunst om lag kr. 50 000, og til tidsskrift for kulturvern om lag kr. 50 000. Rådet har hatt denne fordelingsplanen for auga ved vurdering av tilskott til tidsskrift i 1966.

I alt er det komme 30 søkerne om tilskott til tidsskrift, med ein samla søkeradssum på kr. 572 300. To søkerne nemner ikkje søkeradssum. Fleire av søkerne gjeld tilskott for 1967, eller det blir ikkje mogleg å handsame dei før i 1967.

Alle søkerne har på same måte som i 1965 vore lagde fram for det nedsette utvalet (Tidsskriftutvalet: Simen Skjønsberg, Halldis Moren Vesaas, Håkon Stenstadvold).

I 1966 har desse tidsskrift fått tilskott:

Tidsskrift med litterært innhald. (også teater.)

1. Vinduet, eingongstilskott ..	kr.	20 000
2. Samtiden, eingongstilskott til litterære essays	»	20 000
3. Minervas kvartalsskrift	»	10 000
4. Tidsskriftet Kontrast, eingongstilskott	»	10 000
5. Dag og Tid, litterære særnummer	»	40 000
6. Studenttidsskriftet «Profil», eingongstilskott	»	4 000
7. Magasinet for Alle	»	150 000
8. Nordisk tidskrift för bok och bibliotekväsen*)	»	2 500
9. Norsk bibliografisk bibliotek*)	»	7 500
10. Bonytt. Teatrets teori og teknikk	»	25 000

Til saman kr. 289 000

Tidsskrift om biletkunst eller brukskunst.

Kunsten I Dag	kr.	25 000
Kunst og Kultur	»	15 000
Bonytt, eingongstilskott	»	25 000

Til saman kr. 65 000

*) Desse to tidsskrifta har tidlegare hatt tilskott over statsbudsjettet. Etter avtale med Norges almenvitenskapelige forskningsråd vil tilskottet til Norsk bibliografisk bibliotek bli gitt derifrå i 1967. (Om Nordisk tidskrift — sjå nedanfor).

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

Kunsten I Dag og Kunst og Kultur har tidlegare hatt årvisse tilskott over statsbudsjettet.

Bonytt har i alt fått tilsegn om kr. 125 000, delt over 1966 og 1967. Av summen vil kr. 75 000 bli gitt av løyvinga til biletkunst, og kr. 50 000 av løyvinga til tidsskrift.

Tidsskrift for kulturvern.

1. Arbeidskomitéen for avbildning av Norsk Folkekunst i Norges Bygder	kr. 6 000
2. Maal og Minne	» 12 000
3. Heimen	» 5 000
4. Norske Bygder	» 4 000

Til saman kr. 27 000

Alle 4 publikasjonar har tidlegare hatt tilskott over statsbudsjettet.

Norges almenvitenskapelige forskningsråd vil etter avtale gi tilskott til Maal og Minne frå 1967.

Heimen har vore finansiert av Universitetsforlaget, som har dekt noko av underskotet, men gjelda er no blitt heller stor. Rådet har drafta saka med Norges almenvitenskapelige forskningsråd, og dei to råd er blitt samde om at Norges almenvitenskapelige forskningsråd frå 1968 vil gi tidsskriftet eit tilskott til drifta, medan Kulturrådet i 1967 vil gi eit eingongstilskott til gjeldsdekking, som eit saneringstiltak.

Til saman har Rådet såleis nytta kr. 381 000 av dei kr. 400 000 som var sett av. Dessutan har Rådet av løyvinga til Kulturvern gitt Foreningen til norske fortidsminnemerkers bevaring kr. 10 000 til årboka. Rådet meiner tilskott til denne årboka bør vere ein del av det årvisse statstilskottet til foreninga, som blir gitt av kap. 378, post 79, og har teke dette opp med departementet.

Av midlar til Generell disposisjon (sjå avsnittet Andre formål) har tidsskriftet Fant fått kr. 10 000 som eingongstilskott.

Av midlar til barne- og ungdomslitteratur (sjå kap. Litteratur) har barnebladet Magne fått kr. 10 000 som eingongstilskott til kjøp av forteljingar av norske forfattarar.

Når det gjeld tidsskrift som har hatt tilskott over statsbudsjettet, viser Rådet til det som er sagt i årsmeldinga for 1965, under kap. II: Oppgave for deling mellom statsbudsjettets kulturkapitler og Kulturfondet. Rådet peikar på at nokre av tidsskrifta høyrer naturleg heime på statsbudsjettet.

I merknadene til Årsmeldinga for 1965 har departementet sagt om dette:

«Departementet ser det fortsatt som en fordel at støtte til de tidsskrift det her gjelder, kan skje mest mulig samlet og av midler som de vurderende organer rår over. I tilfelle det av spesielle grunner skal gjøres unntak fra denne regel, mener departementet at vedkommende tidsskrift i så fall bør bevilges tilskott over det fagkapittel i statsbudsjettet hvor tidsskriftet hører hjemme.»

I samsvar med dette har Rådet med brev av 14. des. 1966 til departementet gjort framlegg om at tilskott til desse tre publikasjonane frå 1968 blir gitt over vedkommande fagkapittel i statsbudsjettet:

1. Arbeidskomitéen for avbildning av Norsk Folkekunst og Fortidskunst i Norges Bygder. Denne publikasjonen blir utgitt av Kunstmuseum i Oslo, og publikasjonen bør få driftstilskott over kap. 371, slik at ein aukar annuum for museet tilsvarande.

2. Norske Bygder. Publikasjonen blir utgitt av Norsk Folkemuseum og er eit forskningsprosjekt sett i gang av museet i 1917. Også her meiner Rådet det vil vere naturleg å gi tilskott over kap. 371, som ein auke av annuum for museet.

3. Nordisk Tidsskrift för bok och bibliotekväsen bør på same måte bli ført over til kap. 311 Universitetsbiblioteket i Oslo.

I 1967 er Rådet budd på å gi tilskott til desse publikasjonane av Kulturfondet.

Andre formål.

Til generell disposisjon vart det ved kongelig resolusjon av 29. april 1966 sett av kr. 275 000. Dessutan vart overført kr. 27 620 frå 1965, til saman til rådvelde kr. 302 620.

I alt er det komme 31 søknader om tilskott til tiltak som ikkje høyrer heime under dei tidlegare kapitla. Samla søknadssum er på om lag kr. 500 000. 10 av søkerane nemner ikkje søknadssum. Dessutan har Rådet måttu nytte noko av midlane til generell disposisjon til kulturverntiltak og filmformål.

I tilrådinga til departementet sa Rådet frå om at utgiftene til konferansen om Metoder og virkemidlar i offentleg støtte til kunst og kulturvern ville bli dekte av denne løyvinga.

Desse tilskott er gitt:

Teater:

Odinteatret, gjestespel med Grotowskiteatret	kr. 9 500
Teaterutvalet i Studentersamfunnet i Bergen, lysutstyr	» 3 000
Den nordiske komité for instruk-	

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

tørseminar, utstilling av dekorasjoner av Svoboda	»	7 000
Norsk Teaterunion og Teaterhistorisk selskap: Tilskott til bok om scenebilete frå Ibsenframføringar	»	8 000
Landslaget Teater i Skolen, til utleigearkiv av skodespel for born og ungdom	»	16 680
Nationaltheatret, til gjestespel av det polske nasjonalteatret, des. 1966	»	10 000
Tromsø Barneteater, til lysutstyr	»	25 000
Suttungteatret, til innkjøp av sceneutstyr	»	10 000
		<hr/>
	Til saman kr.	89 180

Filmformål.

Norsk Filminstitutt, til 35 mm framvisar	kr.	30 000
Norske Kortfilmprodusenters Forening, til kortfilmfestival	»	15 000
Tidsskriftet Fant, eingongstilskott	»	10 000
		<hr/>
	Til saman kr.	55 000

Andre tiltak.

Forlaget Land og Kirke, tilskott bokverket Domkirken i Trondheim	kr.	15 000
		<hr/>

Det norske språk- og litteraturselskap, utgiving av Bjørnsons brevveksling med danske	»	10 000
Kontoret for kulturelt samkvem med utlandet, til modell av Osebergskipet	»	30 000
Restløyving til kulturverntiltak .. (sjå Kulturvern)	»	11 800
Rana kulturnemd og Instituttet for sosiologi: Kultursosiologisk etterkjøring i Mo i Rana .. kr. 20 000 (Til utbetaling i 1967)		
Den Norske Opera til koreografi av ballett, tinga av Norsk Komponistforening til 50-årsjubileet ..	»	10 000
Jern og Metall, Oslo, til kunst- og kulturprogram på arbeidsplassane ..	»	5 000
Nordnorsk kulturråd, konferanse i Bodø august 1966 ..	»	5 000
Norges Tekniske Høgskole, profesor Korsmo, tilskott seminar for nye studentar på arkitektlinja i allmenn kulturorientering ..	»	9 000
Norges Husmorforbund, tilskott til kurs: «Kunstopplæring» ..	»	10 000
Utgifter til Rådetets seminar på Voksenåsen ..	»	8 626

Til saman kr. 134 426

I alt har Rådet såleis disponert kr. 278 606 av desse midlane.

Kap. IV. Administrasjon.

Det tok om lag eitt år frå Norsk kulturråd vart oppnemnt og arbeidet sett i gang (februar 1965), og til Rådet fekk etablert seg med eigen administrasjon. Dette førte m. a. til at årsmeldinga for 1965 ikkje vart endeleg vedteken og send departementet før 31. mars 1966, medan det i reglementet er fastsett at Rådet innan 15. februar skal gi Kyrkje- og undervisningsdepartementet melding om verksemda i førre året.

Fra 15. februar 1966 fekk byråsjef Ingeborg Lyche etter tilråding frå Norsk kulturråd permisjon frå sitt embete i Kyrkje- og undervisningsdepartementet, slik at ho kunne ta over leiinga av administrasjonen. Stillinga som direktør i Norsk kulturfond vart utlyst i juli 1966, og byråsjef Ingeborg Lyche vart tilsett 16. september, for femårsperioden september 1966 til september 1971.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet har etter tilråding frå Rådet fastsett instruks for stillinga. Instruksen følgjer som vedlegg nr. 8.

Administrasjonen har som generelle oppgåver:

- 1) å førebu søknader og andre saker til handtering i arbeidsutval og råd
- 2) å gi opplysningar og rettleiing til søkerar
- 3) å utarbeide framlegg om tildelingar på grunnlag av dei retningsliner som er fastsette og dei sakunnige fråsegner og/eller opplysningar elles som administrasjonen har skaffa
- 4) å gi melding til søkerar om løyvingar eller avslag
- 5) å utarbeide oversyn og få til utgreilingar av interesse for verksemda, for Rådet eller arbeidsorgan innan Rådet

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

- 6) å utarbeide spesifiserte oversyn over alle løyvingar.

Ved utgangen av 1966 var personalet ved Rådets administrasjon:

- 1 adm. direktør
1 forlagkunnig konsulent i særklasse
2 sekretærar
4 fullmektig/assistentar.

Omfraum skrivehjelp har vore engasjert gjennom A/S Contact Service, og på annan måte.

Bortsett frå direktøren som er åremåls-tilsett, er stillingane i administrasjonen framleis engasjerte. Rådet meiner det er urimeleg overfor personalet at dei enno ikkje er fast tilsette, og har på nytt teke denne saka opp med departementet.

Fra 1. september 1966 har Norsk kulturråd fått leige kontorrom i Colbjørnsensgt. 2.

Ved kongeleg resolusjon av 29. april 1966 vart avsett til administrasjonsutgifter til saman kr. 500 000, med denne fordelinga:

I. Lønner (inkl. honorar råds-medl. og varamenn)	kr. 318 000
II. Inventar og utstyr	» 50 000
III. Andre driftsutgifter	» 132 000

Dessutan stod til rådvelde kr. 51 738, overført frå 1965 (jfr. årsmeldinga 1965). I Til-rådinga til departementet gjorde Rådet merksam på at post II. Inventar og utstyr, måtte vere relativt høg i 1966, av di Rådet dette året etablerte sin eigen administrasjon.

Pr. 31. desember 1966 var utbetalt:

I. Lønner	kr. 280 435,63
II. Inventar og utstyr	» 92 260,07
III. Andre driftsutgifter	» 89 134,25

Til saman kr. 461 829,95

Restsummen kr. 38 170,05 blir overført til 1967.

Kap. V. Økonomisk samandrag.

Saman med overførte midlar frå 1965 er dei kr. 15 mill. som Stortinget i 1966 har løyvt til Norsk kulturfond disponert såleis:

Litteratur: kr. 4 700 000.

13. Kompensasjon for bortfallen lesesirkelavgift	25 000	25 000
14. Til rådvelde	410 000	103 634
Til overføring 1967		555 033

4 700 000 4 700 000

	Budsjett	Disponert eller gitt tilskott pr. 31. desember
1. Innkjøpsordering og honorarrefusjon ..	2 700 000	2 700 000
2. Barne- og ungdomslitteratur ..	300 000	300 000
3. Eldre norsk litteratur	100 000	52 000
4. Essayistikk	70 000	26 500
5. Verdfulle omsetjingar	80 000	47 000
6. Arbeid for norsk litteratur i utlandet	100 000	8 000
7. Forfattarseminar ..	35 000	35 000
8. Ny norsk dramatikk	50 000	44 333
9. Litteraturprisar ..	100 000	100 000
10. Opplysningsarbeid, bokspreiing	300 000	298 000
11. Nynorsk litteratur	400 000	375 000
12. Litteratur på samisk	30 000	30 000

Musikk: kr. 1 196 300.		
Overført frå 1965	96 300	
Tilskott gitt ved Kgl. resolusjon	400 000	400 000
Avsetjingar ved Kgl. resolusjon:		
a. Til konsertinstrument	100 000	100 000
b. Til prøverwerksemid med profesjonelle instruktørar	40 000	43 500
c. Til Rikskonsertverksemid 1967	300 000	65 000
d. Til rådvelde	260 000	338 600
Til overføring 1967		249 200
	1 196 300	1 196 300

Av dei overførte midlar vil kr. 235 000 gå med til Rikskonsertane.

Arsmelding 1966 fra Norsk kulturråd.

Biletkunst og brukskunst: kr. 1 648 750.

	<i>Budsjett</i>	<i>Disponert eller gitt tilskott pr. 31. desember</i>
Overført fra 1965	198 750	
Avsetjingar ved		
Kgl. resolusjon:		
a. Til innkjøp av kunst til kunstnarleg utsmykking av offentlige bygg og anlegg	750 000	649 491
b. Til lånefond	200 000	160 875
c. Til utstillingar, eingongstiltak o. a. ..	500 000	621 700
Til overføring 1967		216 684
	1 648 750	1 648 750

Av dei overførte midlar er det gitt tilseigner om ca. kr. 200 000 til kunstnarleg utsmykking.

Kulturvern: kr. 1 279 000.

Overført fra 1965	79 000	
Tilskott gitt ved Kgl. resolusjon	560 000	560 000
Avsetjingar ved Kgl. resolusjon:		
a. Til omframtiltak ved musea	330 000	372 000
b. Til restaurering av verdfulle hus og anlegg	210 000	217 000
c. Til rådvelde	100 000	130 000
	1 279 000	1 279 000

Kulturbygg: kr. 4 900 000.

Tilskott gitt ved Kgl. resolusjon	4 040 000	4 040 000
Avsetjingar ved		
Kgl. resolusjon:		
a. Til innreiing av bibliotekbygg	100 000	100 000
b. Til rådvelde	760 000	760 000
	4 900 000	4 900 000

Film: kr. 400 000.

Tilskott gitt ved Kgl. resolusjon:		
a. Til Norsk Bygdekino	150 000	150 000
b. Til frie kunstnarlege kortfilmar	250 000	250 000
	400 000	400 000

Tidsskrift og periodiske publiksjonar: kr. 400 000

Avsett ved Kgl. resolusjon	400 000	381 000
Til overføring 1967		19 000
	400 000	400 000

Utval og utgreiingar: kr. 117 707.

Overført fra 1965	42 707	
Avsett ved Kgl. resolusjon	75 000	56 359
Til overføring 1967		61 348
	117 707	117 707

Dei nedsette utval med sekretærar blir honoret i samsvar med komitéregulativet. Ved utgangen av året var det fleire av utvala som ikkje har sendt inn rekningar for arbeid utført i 1966. Dei samla utgifter til utgreiingar og utval i 1966 vil ligge monaleg høgare. Til dømes har utvalet for høgre utdanning av kunstnarar ikkje sendt hovudrekning, då denne blir sendt inn saman med utgreiinga.

Andre formål: kr. 302 620.

Overført fra 1965	27 620	
Avsett ved Kgl. resolusjon	275 000	278 606
Til overføring 1967		24 014
	302 620	302 620

Administrasjon og kontorhald: kr. 551 738.

Overført fra 1965	51 738	
Avsett ved Kgl. resolusjon	500 000	
Lønner		280 436
Inventar og utstyr		92 260
Andre driftsutgifter ..		89 134
Til overføring 1967		89 908
	551 738	551 738

Årsmelding 1966 frå Norsk kulturråd.

LANDSDELSOVERSYN

Om den geografiske fordelinga av Kulturfondets midlar heiter det i St.prp. nr. 130 for 1964—65:

«Utenom disposisjonsbevilgninger som Rådet vil få, bør det tilstrebtes en konsentrasjon om forholdsvis få formål om gangen. Dette innebefører at den balanse mellom virkefelt og distrikter som skal søkes oppnådd, må skje over et atskillig lengre tidsrom enn det enkelte år... Når det gjelder forholdet til fylker og kommuner, bør bidrag fra fondet fortrinnsvis komme i tillegg til den lokale innsats, og helst utløse nye lokale bevilgninger. Fondets formål er således ikke å avelaste kommunale og fylkeskommunale myndigheter for kulturforpliktelser, men heller å stimulere de lokale instanser til å påta seg slike forpliktelser.

Det er imidlertid stor ulikhet i den økonomiske bæreevne i distriktsene. Dette må det tas hensyn til når det gjelder lokal innsats.»

I innstilling S. nr. 36 for 1966—67 seier Kyrkle- og undervisningsnemnda:

«Nemnda... vil understreke at ein ved fordelinga av fondsmidiane må søke over lengre sikt å få ei rimelig fordeling av tilskott til kulturoppgåver mellom distrikta og mellom land og by.»

Rådet vil difor i denne årsmeldinga gi eit geografisk oversyn. Ein må da vere merksam på at ein stor del av løyvingane frå Norsk kulturfond går til tiltak som gjeld heile landet. Dei viktigaste av desse er:

Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur	kr. 2 700 000
Tiltak for barne- og ungdomslitteratur	» 300 000
Tiltak for nynorsk litteratur ..	» 375 000
Andre litterære tiltak, (ny-utgivingar, essayistikk, prisar, seminar, omsetjingar o. a.) ca.	» 500 000
Musikkens Venners Landsforbund	» 65 000
Grieg-utgåve	» 50 000
Utgiving av norsk musikk	» 100 000
Norsk Bygdekino	» 150 000
Andre filmtilskott	» 355 000
Tidsskrift	» 400 000
Andre tiltak ca.	» 100 000
 Til saman	 kr. 5 095 000

Meir enn $\frac{1}{3}$ av løyvingane i 1966 er såleis gått til landsomfattande tiltak.

Nærare $\frac{2}{3}$ av løyvingane har gått til tiltak som er knytte til landsdelar (turnear), fylke eller byar.

I den geografiske fordelinga har vi brukt

dette systemet: Austlandet (Østfold, Oslo, Vestfold, Buskerud, Telemark, Hedmark og Oppland) — Sørlandet og Rogaland (Aust- og Vest-Agder og Rogaland) — Vestlandet (Hordaland, Bergen, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal) — Sør- og Nord-Trøndelag — Nord-Norge.

Austlandet

Tilskott i alt kr. 3 949 058 (Folketal: 1 747 772)

Sørlandet og Rogaland
Tilskott i alt kr. 503 100 (Folketal: 424 599)

Vestlandet

Tilskott i alt kr. 2 298 441 (Folketal: 653 856)

Trøndelag
Tilskott i alt kr. 445 000 (Folketal: 328 283)

Nord-Norge
Tilskott i alt kr. 934 065 (Folketal: 436 724)

AUSTLANDET**1. Litteratur.****Ostfold**

Sentralbiblioteket for Østfold til bokstamme for bokbil

7 000

Akershus

Sentralbiblioteket for Akershus, til bokstamme for bokbil ..

7 000

Ullensaker folkeboksamling, til kulturveldar

500

Oslo

Deichmanske bibliotek, til kulturveldar ...

1 000

Nationaltheatret, innkjøp av ny norsk dramatikk

16 333

Oslo Nye Teater, innkjøp av ny norsk dramatikk

14 000

Hedmark

Sentralbiblioteket for Hedmark, til bokstamme for bokbil ..

7 000

Alvdal folkeboksamling, til kulturveldar

750

Elverum folkeboksamling, til kulturveldar

575

Vang folkeboksamling, til kulturveldar ...

600

Oppland

Gjøvik bibliotek, til

kulturveldar

1 100

Lillehammer og Fåberg,

til kulturveldar ...

1 300

Årsmelding 1966 fra Norsk kulturråd.

<i>Buskerud</i>		<i>Buskerud</i>	
Sentralbiblioteket for		Jazzklubben «Jazz	
Buskerud, til bok-		Evidence» festival	
stamme for bokbil ..	7 000	Kongsberg sommaren	
Nedre Eiker folkebok-		1967	20 000
samling, til kultur-		Drammen Byorkester	
kveldar	550	til kjøp av kontra-	
		bass	3 000
<i>Vestfold</i>		<i>Telemark</i>	
Sentralbiblioteket for		Bø Ungdomslag, til inn-	
Vestfold, til bokstam-		samling av folkemu-	
me for bokbil	7 000	sikk	8 000
Botne folkeboksamling,		Skiens Musikkforening,	
til kulturkveldar	575	obo og tuba	4 000
Tønsberg bibliotek, til		NASOL, turné	
kulturkveldar	575	Austlandet	15 000
			187 000
<i>Hedmark</i>		3. Biletkunst.	
Brevik folkebibliotek,		<i>Østfold</i>	
